

MØTEINNKALLING

Utval: Kontrollutvalet i Lærdal kommune
Møtedato: 22.2.2021 kl. 09:00
Møtestad: Rådhuset – formannskapssalen

SAKLISTE

- 1/2021 Godkjenning av møtebok**
- 2/2021 Skriv og meldingar – saker til oppfølging**
- 3/2021 Orientering om budsjett for kontrollutvalet for 2021**
- 4/2021 Årsmelding for kontrollutvalet for 2020**
- 5/2021 Forvaltningsrevisjonsrapport heimetenester**
- 6/2021 Oppfølging i høve til plan for forvaltningsrevisjon**

Eventuelle forfall meldast til kontrollutvalssekretariatet v/Richard Nesheim, tlf: 95 26 13 18 eller e-post richard.nesheim@pwc.com.
Varamedlemar møter etter nærare avtale.

Lærdal, 12.2.2021

Njål Kaardal Golf
Leiar (sign)

Richard Nesheim
Sekretariat

Kopi:
Ordfører
Rådmann
Oppdragsansvarlig revisor

Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 1/2021 Godkjenning av møtebok

Sakshandsamar Richard Nesheim	Møtedato 22.2.2021	Sak nr 1/2021
---	------------------------------	-------------------------

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Møteboka frå møtet 23.11.2020 vert godkjent.

VEDLEGG

Nr.	Dok. Dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	23.11.2020		Møtebok frå møtet 23.11.2020

Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Møtebok

Møtedato: 23.11.2020

Møtetid: 09.30 – 13.00

Møtestad: Rådhuset – formannskapssalen

Saksnr.: 19/20 - 23/20

Følgjande medlemer møtte	Parti
Njål Kaardal Golf	Sp
Britt Bruflot Gram	Sp
Jens Rikheim	SV
Guri Olsen	H

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedlem møtte	Parti
Egil Natvik Vestrheim	Ap	Halvard Lunden	Ap

Ugilde	Sak	Følgjande varamedlem møtte

Møteleiar:	Njål Kaardal Golf
Frå sekretariatet møte:	Richard Nesheim
Frå kommunen møte:	Rådmann Gunn Lerøy, deltok under sak 19 og 20 Controller Lars Bogstad, deltok under sak 19 og 20 Ordførar Audun Mo deltok under sak 19 og 20
Frå revisjonen møte:	
Utdelt i møte:	Skriv frå rådmannen – statusrapport - tilbakemelding til kontrollutvalet etter forvaltningsrevisjon om internkontroll og innkjøp i teknisk drift

Underskrifter:

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Gradering:	Ope/unnateke off.
19/2020	Godkjenning av møtebok		O
20/2020	Skriv og meldingar – orienteringssaker		O
21/2020	Framlegg til møteplan for kontrollutvalet 2021		O
22/2020	Forvaltningsrevisjon SIMAS IKS		O
23/2020	Handsaming av framlegg til risiko- og vesentlegheitsvurdering og plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll		O

Møtebok Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 19/2020 Godkjenning av møtebok

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Richard Nesheim	23.11.2020	19/2020

Framlegg til vedtak:

Møteboka frå møtet 28.9.2020 vert godkjent.

23.11.2020 KONTROLLUTVALET

KON-19/20 VEDTAK:

Møteboka frå møtet 28.9.2020 vert godkjent.

Samrøystes

Møtebok Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 20/2020 Skriv og meldingar – orienteringssaker

Sakshandsamar Richard Nesheim	Møtedato 23.11.2020	Saknr 20/2020
----------------------------------	------------------------	------------------

Refererte skriv og meldingar:

Skriv til orientering for kontrollutvalet

Nr.	Dok. dato	Avsendar	Tittel
1	7.11.2019	Lærdal kommune/ kommunestyret	Saksframlegg og vedtak i sak 81/19 i kommunestyret: Tertialrapport 2-2020
2	ikkje datert	Lærdal kommune	Tertialrapport 2 – 2020
3	29.10.20	Lærdal kommune	Notat til formannskapet 29.10.20 – Budsjett 2021
4	29.10.20	Lærdal kommune	Saksnotat til kommunestyret: Framtidig organisering av næringsapparatet i Lærdal kommune

Framlegg til vedtak:

Skriv og meldingar, samt orienteringssaker i møtet vert tekne til vitande. Nærare oppfølging av enkeltsaker må drøftast i møtet.

23.11.2020 KONTROLLUTVALET

Drøftingssaker:

1. Kontrollutvalet drøfta kva saker ein ynskjer orientering om frå administrasjonen i neste møte.

Orienteringar i møtet:

Til møtet hadde kontrollutvalet bedt administrasjonen om ei nærare orientering om følgjande saker:

1. Ei orientering om interkommunalt samarbeid knytt til innkjøp – samt nærare orientering om innkjøpssamarbeidet i regi av Kinn kommune

Lars Bogstad orienterte om at innkjøpssamarbeidet med Kinn kommune som vertskommune, no er oppe og går. Kommunen har fått over informasjon om mange ulike rammeavtar som ein i innkjøpssamarbeidet vil arbeide med. Kommunen ønskjer i utgangspunktet å vere med på rammeavtalane, men tek atterhald om at ein på nokre område vil prioritere å kunne handle lokalt. Innkjøpssamarbeidet arbeider med å få opp ei nettside der ein enkelt kan få oversikt over kva rammeavtar ein har.

Det er kalla inn til eit møte for alle kommunane 2. desember. Her vil Jorunn Hatlevoll og Harald Stadheim delta på vegne av Lærdal kommune. Jorunn Hatlevoll er innkjøpskontakt, medan Harald Stadheim representerer den eininga som står for ein stor del av innkjøpa i kommunen.

Innkjøpssamarbeidet i Kinn vil og tilby tenester til kommunane som t.d. hjelp med å lyse ut anbod og gjennomføre konkurransar.

2. Ei orientering om oppfølging av pålegget frå Fylkesmannen knytt til kommunen sine rutinar kring medikamenthandsaming.

Lars Bogstad orienterte i saka. Den 25. juni fekk kommunen pålegg frå fylkesmannen med krav til forbetringar i kommunen sine system og rutinar knytt til medikamenthandsaming i heimetenesta. Dette skulle gjennomførast innan 15.09 og pålegget skulle svarast ut innan 2. oktober. Denne fristen vart halden frå kommunen si side.

Det kan trekkast fram følgjande hovudpunkt:

- Kommunen har vore igjennom fleire omstruktureringar og leiarskifte utan at prosedyrar har blitt oppdaterte.
- Som tiltak har det blitt innført felles rutinar for medikamenthandtering mellom institusjon og heimetenesta. Det er også utarbeidd nye sjekklister for medisinerrommet.
- Det er gjennomført farmasøytisk revisjon. Rapporten frå denne er gjennomgått i sjukepleiarmøte.
- Det er gjennomført to kontrollsjekkar av beholdning og loggføring av vanedannande medikament.
- Det vil bli jobba strukturert med oppdatering av rutinar og prosedyrar fram til neste frist som er 26. februar 21 då det skal leggjast fram ein endeleg rapport og dokumentasjon på forbetringstiltaka som er gjennomført.

3. Orientering kring status på avstemming mellom kommunen sin rekneskap for omstillingsarbeidet opp mot LNU sin oversikt over inntekter og utbetalningar

Lars Bogstad orienterte om saka. Bogstad viste til at Ole R. Sælthun har hatt ein grundig gjennomgang av alle transaksjonane knytt til omstillingsprogrammet.

Per november 2020 står det att nokre restmidlar.

Det vart 25.06 oversendt ein plan for disponering av desse midlane til fylkeskommunen. I etterkant har denne skissa blitt akseptert. Dette inneber at restmidlane vil gå inn i Lærdal Grønt sitt prosjekt knytt til butikklokale på Håbakken. Dette utgjer 1,26 mill. kr. I tillegg står det att ei utbetaling på kr 294.297 frå fylkeskommunen som er løyvd til andre prosjekt. Løyvinga til FK-butikken er vedteke i formannskapet sak 138/19.

Gjennomgangen som er gjort syner at ein kan dokumentere føringar av alle omstillingsmidlane som har blitt løyvd av fylkeskommunen. På prosjektet er det ført kr 23.239.999, medan dei totale løyvingane var kr 20.240.000. Dei tre millionane i avvik skuldast 1 million som var innom prosjektet som har blitt betalt vidare til Årdal Utvikling til deira disponering. Dei to andre millionane er ekstraordinære skjønsmidlar i samband med brannen som ikkje skulle ha vore blanda inn i omstillinga.

Bogstad gav utrykk for at det har vore utfordrande å gå igjennom rekneskapen tilbake til 2012 då denne har vore ført på forskjellige ansvar og funksjonar. Det må vere ein lærdom at neste gong ein skal ha liknande prosjekt som skal gå over mange år so er det viktig å trekke ut på ein funksjon med ein gong.

Dei nemnde to millionane i skjønsmidlar er ført inn på funksjonen, men er ikkje avsett til fond. Dette er grunnen til at omstillingsfunksjonen går i pluss. Summert kan ein seie at omstillingsprosjektet går kr 1.066.741 i pluss. Dette er mindre enn dei to millionane som var løyvd i skjønsmidlar og som ikkje skulle ha vore ført inn på funksjonen. Eigentleg skulle truleg kr 933.259 vore dekkta av næringsfondet, i og med at alle kommunale eigendelar skulle dekkast av dette.

Sælthun sin gjennomgang, som også la grunnlaget for notat datert 16.06.20 gjer i følgje Bogstad greie for alle kostnader i omstillinga, med unnatak av om lag kr 200.000. Av dette avviket meiner ein at ein har ein forklaring på om lag 50.000 slik at reelt avvik er på om lag kr 150.000. Dette avviket gjeld 7 rekneskapsår og fleire tusen føringar. Bogstad gir utrykk for at det er sær s ressurskrevjande å skulle gå igjennom å finne grunnen til dette avviket.

Det vert vist til at alle rekneskapa er revisorgodkjende og revisorberetninga for omstillingsprosjektet er kvart år godkjent av fylkeskommunen.

Bogstad trakk fram følgjande læringspunkt for kommunen:

1. Kommunen må ha kontroll på tilskot vi får inn frå Fylkeskommunen, slik at vi ikkje trekk inn tilskot som egentleg ikkje tilhøyrer det aktuelle prosjektet.
2. Det er viktig å føre oversiktleg på prosjektnummer, slik at det vert enkelt å dokumentere samt å rekne ut den kommunale eigendelen. Det er også viktig at den kommunale eigendelen vert rekna ut og bokført kvart år.
3. Den løpande internkontrollen er viktig slik at eventuelle avvik kan bli avdekka tidleg.

Vidare orienterte rådmannen om:

- a) Status på oppfølging av tilrådingane i forvaltningsrevisjonsrapporten knytt til internkontroll og innkjøp i teknisk sektor

Rådmann Gunn Lerøy delte ut eit skriv som går både til kommunestyret og til kontrollutvalet og orienterte om innhaldet i skrivet.

Av skrivet går det fram at tiltak er nødvendig både på overordna nivå og i den eininga dette gjeld. Rådmannen orienterte om at det er skjerpa krav til internkontroll i den nye kommunelova. Dette er rådmannen sitt ansvar å følgje opp.

Skrivet vert lagt ved møteboka.

- b) Rekneskapsrapporten for 2. tertial

Lars Bogstad gjekk gjennom rekneskapsrapporten for 2. tertial. Denne viser at kommunen har utfordringar med økonomien både innan pleie og omsorg og innan helse. Innan pleie og omsorg har det vore mykje innleige av vikarar på grunn av sjukefråvær, og mykje bruk av overtid. Innan helse er det høge kostnader til vikarlegar. Kommunen har ikkje lukkast med å rekruttere eigne legar.

For Lærdalsøyri skule har det kome ekstra kostnader som følgje av behov for å dele ei klasse i 2, samt av di ein hadde budsjettert med eit tilskot som no er lagt inn i rammeoverføringane.

Av tertialrapporten går det vidare fram at ein får svikt i konsesjonskraftinntektene på om lag 1,3 mill. kr.

Elles vart det opplyst at kommunen vil ein få 1 mill. lågare utbytteinntekter enn budsjettert frå Okken Kraft.

På inntektsida er det no avklart at dei 4,5 mill. kr som gjeld eigedomsskatt som har vore avsett som kortsiktig gjeld i påvente av avklaring av sak i retts-systemet – no kan inntektsførast. Men på den andre sida er det varsla eit mogleg tap i skatteinntektene på 1,4 mill. kr på grunn av endra grunnlag tidlegare år. Inntil dette er avklart bør kommunen difor ikkje inntektsføre meir enn 3,1 mill. kr og la det stå att ei avsetning på 1,4 mill. kr for å dekke mogleg tilbakebetaling.

- c) Kort om utfordringane med budsjett for 2021

Rådmannen orienterte om utfordringane med budsjettet for 2021. Desse er knytt til stor svikt i kraftinntektene og ein stor auke i kostnader knytt til bu og miljøtenesta. Rådmannen har foreslått å innføre eigedomsskatt. Dette er det ikkje politisk vilje til.

Det er utfordrande å få dei siste åra i økonomi- og handlingsplanen til å gå i hop. Det vart vist til at kommunen over mange år har hatt høgare inntekter enn landssnittet, men brukt endå meir. Rådmannen gav uttrykk for at kommunen har hatt inntekter som ligg 10% over landssnittet, men samtidig hatt kostnader som ligg 14% over landssnittet.

I følgje rådmannen risikerer Lærdal å bli innmeldt i ROBEEK no – dersom ein ikkje klarar å få balanse i økonomiplanperioden.

KON-20/20 VEDTAK:

Kontrollutvalet viser til orientering om medikamenthandtering innan pleie- og omsorg. Til neste møte vil kontrollutvalet be om å få ein tilbakemelding på korleis rutinane for dette området fungerer ved legesenteret, i LMS, og i bu- og miljøtenesta.

Kontrollutvalet meiner det ikkje er tilfredsstillande at det er avvik i rapporteringa knytt til omstillingsmidlane, og ber om at administrasjonen tek til seg læringspunkta ved eventuelle framtidige prosjekt. Kontrollutvalet tek elles orienteringa til vitande.

Kontrollutvalet ber om å bli orientert om tilbakemelding frå fylkeslegen knytt til hending ved LMS i høve til om det er rutinar som må endrast.

Kontrollutvalet viser til orienteringa frå rådmannen knytt til oppfølging av tilrådingane i forvaltningsrevisjonsrapporten om internkontroll og innkjøp i teknisk drift. Kontrollutvalet vil til møtet i juni 2021 be om å få ei ny orientering i høve til korleis ein følgjer opp opplæring i og praktisering av det nye reglementet for økonomi og innkjøp.

Kontrollutvalet ber om å bli orientert om status på framdrift og budsjett ved bygginga av VAR-utbygginga.

Øvrige skriv og meldingar, samt orienteringssaker i møtet vert tekne til vitande.

Møtebok Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 21/2020 Framlegg til møteplanen for kontrollutvalet for 2021

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Richard Nesheim	23.11.2020	21/2020

Framlegg frå sekretariatet:

Kontrollutvalet går gjennom og reviderer vedlagte utkast til møteplan for 2021.

23.11.2020 KONTROLLUTVALET

KON- 21/20 VEDTAK:

Kontrollutvalet vedtek møteplanen for 2021.

Samrøystes

Møtebok Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 22/2020 Forvaltningsrevisjon SIMAS IKS

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Richard Nesheim	23.11.2020	22/2020

Framlegg frå sekretariatet:

Kontrollutvalet viser til vedlagt forvaltningsrevisjonsrapport frå KPMG

Forvaltningsrevisor konkluderer overordna med at sjølvkost for hushaldningsavfall i det vesentlege er godt dokumentert og finn ikkje at SIMAS tek inn for mykje gebyr i høve til sjølvkost.

Forvaltningsrevisor viser likevel til at SIMAS IKS har fleire område med potensiale for forbetring.

Revisor kjem til slutt i rapporten med følgjande tilrådingar basert på det som kjem fram i forvaltningsrevisjonen:

- Dokumentasjon av fordelingsnøklar
 - SIMAS har i all hovudsak godt grunngjeve og dokumenterte fordelingsnøklar. Det er likevel grunnlag for forbetring i å dokumentere samanheng mellom

datagrunnlag og fordelingsnøkkel. Vi tilrår at underdokumentasjon for fordelingsnøklar som ikkje ligg i sjølve modellen blir forbetra med tanke på sporing frå underdokumentasjon og inn i modellen.

- Skriftlege avtaler
 - SIMAS har ein rammeavtale med SIRKLA for tenester som SIMAS leverer. Det er ikkje nokon tilsvarande rammeavtale i tilfella der SIRKLA leverer tenester til SIMAS. I den grad det ikkje er rein vidarefakturering tilrår vi at ei slik rammeavtale blir inngått. Det vil sikre notoritet og dokumentasjon av prising. Prising skal vere sjølvkost om ikkje det er konkurranseutsett.
- Kommunale tillegg
 - SIMAS er ikkje ansvarleg for dei kommunale tilleggga. Her må kommunane sjølve legge fram sjølvkostrekneskap, noko vi tilrår for å vise at ikkje kommunen tar inn for mykje i renovasjonsgebyr. Ut frå skildring av kva kostnader dei kommunale tilleggga skal dekkje, ser det ut til at kommunale kostnader i form av opprydding av «herreløst» avfall på offentlege stadar feilaktig er belasta innbyggjarane i form av kommunale tillegg.
- Hyttemodell
 - SIMAS har innført kriterier for å differensiere gebyr til fritidsbustadar. Dette er tillate om differensieringa skjer med grunnlag i reelle skilnader i kostnadene. Vi har ikkje motteke noko dokumentasjon som synar denne forskjellen utover vurderinga frå SIMAS i samband med innføringa av den nye modellen. Vi tilrår at SIMAS framover utarbeidar dokumentasjon som synar reelle forskjellar i kostnader knytt til kriteriemodellen.

Kontrollutvalet vil tilrår at kommunen gjer vedtak om at SIMAS IKS bør sette i gang eit arbeid med å fylgje opp tilrådingane.

Kontrollutvalet vil fylgje opp arbeidet og vil be om statusrapport frå SIMAS IKS hausten 2021.

Rapporten og kontrollutvalet sitt vedtak vert oversendt til kommunestyret.

23.11.2020 KONTROLLUTVALET

Det kom framlegg i møtet om å legge til eit punkt om oppfølging av grunnlaget for dei lokale tilleggga i Lærdal kommune.

KON- 22/20 VEDTAK:

Kontrollutvalet viser til vedlagt forvaltningsrevisjonsrapport frå KPMG

Forvaltningsrevisor konkluderer overordna med at sjølvkost for hushaldningsavfall i det vesentlege er godt dokumentert og finn ikkje at SIMAS tek inn for mykje gebyr i høve til sjølvkost.

Forvaltningsrevisor viser likevel til at SIMAS IKS har fleire område med potensiale for forbetring.

Revisor kjem til slutt i rapporten med følgjande tilrådingar basert på det som kjem fram i forvaltningsrevisjonen:

- Dokumentasjon av fordelingsnøklar
 - SIMAS har i all hovudsak godt grunngeve og dokumenterte fordelingsnøklar. Det er likevel grunnlag for forbetring i å dokumentere samanheng mellom datagrunnlag og fordelingsnøkkel. Vi tilrår at underdokumentasjon for fordelingsnøklar som ikkje ligg i sjølve modellen blir forbetra med tanke på sporing frå underdokumentasjon og inn i modellen.
- Skriftlege avtaler
 - SIMAS har ein rammeavtale med SIRKLA for tenester som SIMAS leverer. Det er ikkje nokon tilsvarande rammeavtale i tilfella der SIRKLA leverer tenester til SIMAS. I den grad det ikkje er rein vidarefakturerering tilrår vi at ei slik rammeavtale blir inngått. Det vil sikre notoritet og dokumentasjon av prising. Prising skal vere sjølvkost om ikkje det er konkurranseutsett.
- Kommunale tillegg
 - SIMAS er ikkje ansvarleg for dei kommunale tilleggga. Her må kommunane sjølve legge fram sjølvkostrekneskap, noko vi tilrår for å vise at ikkje kommunen tar inn for mykje i renovasjonsgebyr. Ut frå skildring av kva kostnader dei kommunale tilleggga skal dekkje, ser det ut til at kommunale kostnadar i form av opprydding av «herreløst» avfall på offentlege stadar feilaktig er belasta innbyggjarane i form av kommunale tillegg.
- Hyttemodell
 - SIMAS har innført kriterier for å differensiere gebyr til fritidsbustadar. Dette er tillate om differensieringa skjer med grunnlag i reelle skilnader i kostnadene. Vi har ikkje motteke noko dokumentasjon som synar denne forskjellen utover vurderinga frå SIMAS i samband med innføringa av den nye modellen. Vi tilrår at SIMAS framover utarbeidar dokumentasjon som synar reelle forskjellar i kostnadar knytt til kriteriemodellen.

Kontrollutvalet vil tilrå at kommunen gjer vedtak om at SIMAS IKS bør sette i gang eit arbeid med å fylgje opp tilrådingane.

Kontrollutvalet vil fylgje opp arbeidet og vil be om statusrapport frå SIMAS IKS hausten 2021.

Kontrollutvalet vil be Lærdal kommune om å gå gjennom grunnlaget for dei kommunale tilleggga som Lærdal kommune har i høve til renovasjon. Kontrollutvalet vil be om ei orientering om dette til neste møte i kontrollutvalet.

Rapporten og kontrollutvalet sitt vedtak vert oversendt til kommunestyret.

Samrøystes

Møtebok Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 23/2020 Handsaming av framlegg til risiko- og vesentlegheitsvurdering og plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Richard Nesheim	23.11.2020	23/2020

Framlegg frå sekretariatet:

Kontrollutvalet fremjar følgjande forslag til vedtak i kommunestyret:

“Kommunestyret i Lærdal vedtek framlagde plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for Lærdal kommune 2020-2023

Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, jf. kommunelova §§ 23-3 (3) og 23-4 (3).
”

23.11.2020 KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet gjekk i møtet gjennom utkast til plan og gjorde endelege vurderingar, som vart innarbeidd i dokumentet. Lista over prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt vart slik:

1. Arbeidsmiljøet i kommunen
(alternativt undersøking innan oppvekst, eller pleie og omsorg)
2. Oppvekst – ressursbruk – bruk av spesialundervisning
3. Budsjett- og økonomistyring
4. Bu og miljøtenesta
5. Pleie og omsorg – med fokus på årsaker til høge kostnader i tenesta, kva kan forklare at Lærdal nyttar mykje meir ressursar enn samanliknbare kommunar
6. Internkontroll og avvikshandtering
7. Forvaltningsrevisjon av barnevernstenesta
8. Forvaltningsrevisjon av eigedomsforvaltninga
9. Forvaltningsrevisjon av Sogn lokalmedisinske senter

KON- 23/20 VEDTAK:

Kontrollutvalet fremjar følgjande forslag til vedtak i kommunestyret:

“Kommunestyret i Lærdal vedtek framlagde plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for Lærdal kommune 2020-2023

Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, jf. kommunelova §§ 23-3 (3) og 23-4 (3).
”

Samrøystes

Møtet slutt

Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 2/2021 Skriv og meldingar - orienteringssaker

Sakshandsamar Richard Nesheim	Møtedato 22.2.2021	Sak nr 2/2021
---	------------------------------	-------------------------

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Skriv og meldingar, samt orienteringssaker i møtet vert tekne til vitande. Nærare oppfølging av enkeltsaker må drøftast i møtet.

VEDLEGG

Skriv til orientering for kontrollutvalet

Nr.	Dok. Dato	Avsendar	Tittel
1	11.2.21	Lærdal kommune	Vedtak i kommunestyret i sak 6/21 om plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll
2	11.2.21	Lærdal kommune	Vedtak i kommunestyret i sak 8/21 om forvaltningsrevisjon SIMAS
3	11.2.21	Lærdal kommune	Vedtak og saksframlegg til kommunestyret sak 3/21 – delegasjonsreglement for Lærdal kommune
4	11.2.21	Lærdal kommune	Vedtak og saksframlegg til kommunestyret sak 4/21 – nytt økonomi og innkjøpsreglement
5	17.11.20	KPMG	Uavhengighetserklæring revisor
6		Telemarksforskning	Utdrag frå KOSTRA og effektivitetsanalyse 2019 frå Telemarksforskning (oppsummering 2 sider)
7		Lærdal kommune	Utviklingsmelding for skulane i Lærdal 2019-2020
8		NKRF	NKRF sin kontrollutvalskonferanse 2021

Uprenta vedlegg:

- Økonomi og innkjøpsreglement
- Rapport frå Telemarksforskning: KOSTRA og effektivitetsanalyse 2019 (jamfør samandrag vedlagt som vedlegg 7)

Drøftingssaker:

1. Kontrollutvalet bør drøfte kva saker ein ynskjer orientering om frå administrasjonen på komande møte
2. Avtalen mellom PwC og Lærdal kommune om sekretariatsfunksjonen for kontrollutvalet går fram til 01.06.2021. I gjeldande avtale er det ein opsjon for kommunen om å forlenge avtalen i 2 år fram til 01.06.23. I møtet bør kontrollutvalet drøfte om dei vil rå administrasjonen til å forlenge avtalen, eller om kontrollutvalet ynskjer at sekretariatsfunksjonen vert lagt ut på anbod. Sekretæren for kontrollutvalet vil gå i frå møtet under denne drøftinga.

Orienteringar i møtet:

Kontrollutvalet har bedt administrasjonen om følgjande orienteringar:

1. Orientering om rekneskapen for 2020 – førebelse tal
2. Ei tilbakemelding på korleis rutineane for handtering av medikament fungerer ved legesenteret, i LMS, og i bu- og miljøtenesta.
3. Status på framdrift og budsjett for VAR-utbygginga.
4. Orientering om tilbakemelding frå fylkeslegen knytt til hending ved LMS i høve til om det er rutinar som må endrast

Revisor Rune Mydland i KPMG vil gje ei statusorientering i høve til revisjonen av rekneskapen.

Kontrollutvalet si tilråding:

Kommunestyret vedtek framlagde plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for Lærdal kommune 2020-2023.

Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, jf. kommunelova §§ 23-3 (3) og 23-4 (3).”

11.02.2021 Kommunestyret

Røysting:

Tilrådinga frå kontrollutvalet vart samrøystes vedteke.

KS-006/21 Vedtak:

Kommunestyret vedtek framlagde plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for Lærdal kommune 2020-2023.

Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, jf. kommunelova §§ 23-3 (3) og 23-4 (3).”

Vedlegg:

Vedlegg 1 Møtebok sak 23-2020 i kontrollutvalet

Vedlegg 2 Risiko og vesentlegheitsvurdering Lærdal

Vedlegg 3 Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2020-2023 Lærdal

Kommunestyret ber administrasjonen om å gå gjennom grunnlaget for dei kommunale tillegga som Lærdal kommune har i høve til renovasjon.

11.02.2021 Kommunestyret

Røysting:

Tilrådinga frå Kontrollutvalet vart samrøystes vedteken.

KS-008/21 Vedtak:

Kommunestyret tilrår at SIMAS IKS bør sette i gang eit arbeid med å fylgje opp tilrådingane i revisjonsrapporten.

Kommunestyret ber kontrollutvalet fylgje opp arbeidet og be om statusrapport frå SIMAS IKS hausten 2021.

Kommunestyret ber administrasjonen om å gå gjennom grunnlaget for dei kommunale tillegga som Lærdal kommune har i høve til renovasjon.

Vedlegg:

Oversending av forvaltningsrevisjonsrapport SIMAS

Oversendingsbrev forvaltningsrevisjonsrapport SIMAS frå kontrollutvalet til kommunestyret

Saksframlegg sak 22-2020

Rapport forvaltningsrevisjon SIMAS IKS

Møtebok sak 22-2020 i kontrollutvalet

Saksutgreiing

Det er gjennomført forvaltningsrevisjon for å undersøke om SIMAS følgjer regelverket for renovasjonsgebyr (sjølvkost) for hushaldningar, med fokus på:

- Har SIMAS rett fordeling av kostnader mellom hushaldningsavfall og næringsavfall, irekna at gebyr frå hushaldningane ikkje vert teke inn og brukt til andre føremål enn handsaming av hushaldningane sitt avfall?
- Vert hushaldningane og fritidsbustadar belasta rett gebyr (sjølvkost)?



Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
012/21	Formannskapet	28.01.2021
003/21	Kommunestyret	11.02.2021

Sakshandsamar: Gunn Lerøy	Arkiv:	Arkivsaksnr. 20/785 - 3
---------------------------	--------	-------------------------

Delegasjonsreglement for Lærdal kommune

Kort samandrag:

Kommunestyret vedtok nytt politisk delegasjonsreglement 01.10.2020, jfr k-sak 074/20. Bakgrunnen var innføring av ny utvalsmodell, og eit generelt behov for å oppdatere gjeldande reglement mellom anna med i utgangspunkt i ny kommunelov.

I etterkant av vedtaket har administrasjonen jobba vidare med den administrative delen av delegasjonsreglementet, me har teke i bruk KF Delegasjon (kommuneforlaget sitt elektroniske delegasjonsreglement <https://www.kf.no/kvalitet2/delegeringsreglement/>), og samla det politiske og administrative delegasjonsreglementet på ein plass. Dette gir ei litt anna sortering og oppbygning, men representerer ei stor effektivisering og gjer det mykje enklare å halde oversikten over alle lover og reglar som gjeld for ein kommune. Det er også gjort litt mindre justeringar i samsvar med drøftingane i kommunestyret, og tilbakemeldingar som blei gitt i møte den 01.10.2020, og formelle feil er retta opp att.

Saka har av kapasitetsgrunnar vore utsett, og det har ikkje vore råd for administrasjonen å ferdigstille saka før no.

Rådmannen si tilråding:

Lærdal kommunestyre vedtek nytt delegasjonsreglement slik det ligg føre, og det vert gjort gjeldande frå 11. februar 2021.

Video om delegasjon etter ny kommunelov i regi av KS:

<https://www.youtube.com/watch?v=jvUOhjiF69Q>

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.

§ 5-14. Reglement for delegering og innstilling

«Kommunestyret og fylkestinget fastsetter selv et reglement for hvordan vedtaksmyndighet og innstillingsrett skal delegeres. Dette skal gjøres innen 31. desember året etter at kommunestyret og fylkestinget ble konstituert. Det sist fastsatte reglementet og eventuelle andre vedtak om delegering og innstillingsrett gjelder inntil et nytt reglement er fastsatt.»

Saksutgreiing

Innleiing

Rådmannen har i gjennomgangen lagt vekt på kvalitet og effektivitet. Mykje er som

før, men dette er likevel ei endring mot gjeldande delegeringsreglement ved at ein går over til eit elektronisk verktøy. Ei elektronisk samling av alt relevant lovverk gir ei

god oversikt, så no er også lover som tidlegare ikkje var delegert, delegerte der det

er naturleg. Vidare gir det elektroniske verktøyet moglegheit for innsyn for innbyggjarar og andre interesserte, og delegeringsreglementet vil bli tilgjengeleg på kommunen si heimeside. Delegeringsreglementet skal bidra til effektiv og tillitsskapande utøving av mynde.

Utgangspunktet for delegering

Kommunestyret er det øvste avgjersleorganet med overordna ansvar for den samla

verksemda i kommunen, jf. kommunelova § 5. Lova gjev vide rammer for

kommunestyret til å delegerer vedtaksmynde til andre politiske organ og til

rådmannen (administrasjonen), jf. § 5

Alle kommunar skal ha eit gyldig delegeringsreglement som gir innbyggjarane,

folkevalde og dei tilsette ei oversikt over kva mynde politikarane har delegert vidare,

og kva organ som har innstillingsmynde jf. kommunelova § 5

Det sist fastsette reglementet og eventuelle andre vedtak om delegering og innstillingsrett,

gjeld inntil eit nytt reglement er fastsett.

Vurdering

Utan delegering kan ein enkelt seie at alt mynde ligg til kommunestyret. Det er ikkje mogleg å praktisere, difor skal alle kommunar ha eit delegasjonsreglement.

Kommunen sitt delegasjonsreglement skal vere eit sentralt hjelpemiddel for å gjere kommunen sin organisasjon og avgjersleprosess så effektiv som mogleg. Den skal

sikre ein formålstenleg mynde og ansvarsavklaring både mellom dei ulike politiske

organa, og mellom dei politiske organa og administrasjonen.

Utvalsmodellen er ny i Lærdal kommune, og delegasjonsreglementet tek utgangspunkt i fordeling av oppgåver slik det vart bestemt då utvalsmodellen vart vedteken av kommunestyret i juni-2020. Me må rekne med at det kan vere saker no i startfasen der det kan vere tvil om saksgang, og då er det naturleg at rådmann konfererer med ordførar om dette før oppmelding.

Slik det er tenkt vil utvala i tillegg til å handsame saker som er delegert til dei ved lov/delegasjonsreglement, vere ein arena for å gje innspel i planprosessar. Samstundes er det viktig å halde fast på at det er formannskapet som er det leiande politiske organet, og som vedtek høyringsutkast (t.d. kommuneplanen sin arealdel og i kommedelplanar) og gir innstilling i slike saker til kommunestyret. Dette hindrar ikkje at utvala gir uttale og kjem med innspel i planprosessar, og at saker kan gå mellom formannskapet og utvala.

Når det gjeld administrativ vidaredelegering frå rådmannen til einingsleiararane og medarbeidarar med fagansvar, er det ei sak for rådmannen. Prinsippet er at kommunestyret kjenner berre rådmannen, og all delegering til administrasjonen skal via rådmannen. Det elektroniske delegasjonsverktøyet slik det no ligg føre med Lærdal kommune sitt delegasjonsreglement, gir informasjon om kva avdeling/eining/instans som har ansvaret, men ein understrekar at det står att ein del arbeid her som må gjerast internt mellom rådmannen og dei som har/får eit delegert mynde og ansvar. Oppbygninging skal følgje den administrative organisasjonsmodellen med delegerte fullmakter.

Rådmann viser og til at nytt økonomireglement har teke inn delegering av mynde i økonomiforvaltninga som gjeld i tillegg.

Ut frå ei samla vurdering tilrår rådmannen vedlagte framlegg til Lærdal kommune sitt delegasjonsreglement.



Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
010/21	Formannskapet	28.01.2021
004/21	Kommunestyret	11.02.2021

Sakshandsamar: Gunn Lerøy	Arkiv:	Arkivsaksnr. 20/1113 - 1
---------------------------	--------	--------------------------

Nytt økonomi- og innkjøpsreglement

Kort samandrag:

Kommunen sitt førre økonomireglement er frå år 2001. Innkjøpsreglementet er frå 2013, og er utdatert etter at terskelverdiane for innkjøp har vorte endra. Ein har no vald å samle desse to reglementa i eitt reglement for å gjere det meir oversiktleg.

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret vedtek nytt økonomi- og innkjøpsreglement. Reglementa erstattar tidlegare vedtekne økonomi- og innkjøpsreglement.

28.01.2021 Formannskapet

Røysting:

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedteken.

FS-010/21 Vedtak:

Kommunestyret vedtek nytt økonomi- og innkjøpsreglement. Reglementa erstattar tidlegare vedtekne økonomi- og innkjøpsreglement.

11.02.2021 Kommunestyret

Tilleggsframlegg frå Kåre Mentz Lysne (AP):

Formannskapet saman med rådmann kjem med eit framlegg til rapporteringsform til kommunestyret.

Røysting:

Tilrådinga frå Formannskapet med tilleggsframlegg, vart samrøystes vedteke.

KS-004/21 Vedtak:

Kommunestyret vedtek nytt økonomi- og innkjøpsreglement. Reglementa erstattar tidlegare vedtekne økonomi- og innkjøpsreglement.

Formannskapet saman med rådmann kjem med eit framlegg til rapporteringsform til kommunestyret.

Vedlegg:

Økonomireglement - Lærdal kommune (347461)

Lærdal - sjekklister innkjøp (347462)

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

§ 14-2. Kommunestyrets og fylkestingets plikter

Kommunestyret og fylkestinget skal selv vedta

- a) økonomiplanen og årsbudsjettet

- b) årsregnskapene og årsberetningene

- c) finansielle måltall for utviklingen av kommunens eller fylkeskommunens økonomi

- d) regler for økonomiforvaltningen (økonomireglement)

- e) regler for finans- og gjeldsforvaltningen (finansreglement).

Kommunelova § 25-1 Internkontroll i kommunen

Kommuner og fylkeskommuner skal ha internkontroll med administrasjonens virksomhet for å sikre at lover og forskrifter følges. Kommunedirektøren i kommunen og fylkeskommunen er ansvarlig for internkontrollen.

Saksutgreiing

Etter kommunelova §14-2 er alle kommunar pliktige å vedta mellom anna

økonomireglement og finansielle måltal. Lærdal kommune har hatt eit gammalt og utdatert økonomireglement, samt eit innkjøpsreglement som ikkje har vore oppdatert etter reviderte terskelverdiar i lovverket. Begge desse reglementa er no samla i dette reglementet.

Økonomireglementet utgjer ein del av det kommunale plansystemet. Gjennom [Lov om planlegging og byggesaksbehandling kap. 10-11](#) er kommunar pålagd å ha heilskapleg planlegging og styring, og det skal være god kopling mellom kommune- og økonomiplanen.

Kommunen si planlegging skal vise tydeleg samanheng mellom kommunen sin kommuneplan og dei ulike fag- eller sektorplanar som vedtakast. Særskilde sektor- eller fagplanar må forankrast i økonomiplan og årsbudsjett som inneheld løyvingane.

Eventuelle arbeidsprogram eller verksemdsplanar i einingane, må bygge på vedteke årsbudsjett. Gjennom den samla økonomirapporteringa skal rådmannen rapportere ressursbruk og vedtekne mål, rapporteringa skal også syne utviklinga, og eventuelle avvik i forhold til dei målsettingane kommunestyret har vedtatt.

I forhold til kommunelova § 14-2, bokstav c), er det i dette reglementet lagt opp til finansielle måltal etter dei anbefalingane som teknisk berekningsutval har kome med:

- Netto driftsresultat på minst 1,75% av brutto driftsinntekter
- Gjeldsgrad mindre enn 75% av brutto driftsinntekter
- Disposisjonsfond minst 5 % av brutto driftsinntekter.

Det vil ta noko tid før me når målsettinga om ein gjeldsgrad på 75 % (, og det kan vere relevant å vurdere eit noko høgare måltal. Samtidig er det viktig å vise at gjeldsgrada til kommunen er svært høg i forhold til dei anbefalingane vi har fått frå teknisk berekningsutval. I 2020 var gjeldsgraden om lag 116 %, og dette må legge føringar for investeringstakta framover.

Regelverket omtalar elles internkontroll, fullmaksstruktur, økonomiplan, årsbudsjett og rapportering.

På innkjøp har ein teke med miljø- og klimakrav for å underbygge visjonen Grøne Lærdal, og følgje opp føringar i klimaplanen.

Det har vore fokus på å lage eit enkelt reglement som er enkelt å bruke for alle tilsette.

Reglementa har vore på høyring hjå revisor.

Vurdering

Vel så viktig som å ha oppdaterte reglement, er det å sikre at me har ei utøving og praktisering av regelverket i kommunen som er i samsvar med det som er vedteke.

Rådmannen sitt interkontrollansvar er forsterka i nytt regelverk gjeldande frå 1. januar 2021, og det er rådmannen sitt ansvar at me har rutinar for å gje tilsette opplæring i fagområda økonomi og innkjøp. Vidare må me ha rutinar og internkontroll som førebygger avvik, og sikrar at me fangar opp eventuelle brot på regelverket om offentleg innkjøp.

Me planlegg å gjennomføre slik opplæring i februar for leiarar og medarbeidarar med økonomifullmakter.

Samanhengane og koblingane mellom kommuneplan, økonomiplan og årsbudsjett, skal medverke til at folkevalde, rådmann og dei administrative leiarane jobbar koordinert og heilskapleg med planlegging og styring.

Rådmannen si vurdering er at det eit potensiale for å bli betre på den heilskaplege styringa.

Tydelege rapporteringsrutinar i tråd med økonomireglementet skal sikre at avvik vert fanga opp, slik at me i situasjonar med økonomiske overskridingar, kan vedta kostnadsreducerande tiltak i tide.

f) yte tjenester som hører inn under den reviderte virksomhetens egne ledelses- og kontrolloppgaver

g) opptre som fullmektig for den reviderte virksomheten, unntatt ved bistand i skattesaker etter domstolsloven § 218.

Revisors egenvurdering av punktene ovenfor

Pkt.1: Krav til revisors uavhengighet

Undertegnede bekrefter at det ikke foreligger særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisorens uavhengighet og objektivitet.

Pkt.2: Grenser for revisors tilknytningen til den reviderte virksomheten

Undertegnede bekrefter at jeg eller mine nærstående (slik det er definert i forskriftens §17) ikke har en tilknytning til Lærdal kommune, ansatte i kommunen eller tillitsmenn som er egnet til å svekke revisorens uavhengighet og objektivitet. Undertegnede bekrefter at dette også gjelder virksomhet som kommunen deltar i.

Pkt.3a og b: Ansettelsesforhold

Undertegnede har ikke ansettelsesforhold i andre stillinger enn i revisjonsselskapet.

Pkt. 3c: Styrende organer

Undertegnede er ikke medlem av styrende organer i noen virksomhet som kommunen deltar i.

Pkt. 3d: Delta eller inneha funksjoner i annen virksomhet, som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit

Undertegnede og KPMG deltar ikke i eller innehar funksjoner i annen virksomhet som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit til rollen som revisor.

Pkt. 3e: Rådgivnings- eller andre tjenester som er egnet til å påvirke revisors habilitet

Undertegnede og KPMG yter ikke rådgivnings- eller andre tjenester overfor Lærdal kommune som er egnet til å påvirke eller reise tvil om revisors uavhengighet og objektivitet

Pkt. 3f: Tjenester under Lærdal kommunes egne ledelses- og kontrolloppgaver

Undertegnede og KPMG yter ikke tjenester som hører inn under kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver.

Pkt. 3g: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige

Undertegnede og KPMG opptre ikke som fullmektig for Lærdal kommune.

Vennlig hilsen

KPMG AS



Harald Sylta

Statsautorisert revisor

Oppsummering økonomianalyse

- Analysene på kommuneøkonomi viser at Lærdal kommune på de sentrale tjenesteområdene samlet sett hadde et merforbruk på ca. 16 mill. kr i forhold til kommunens økonomiske rammebetingelser i 2019
 - Området kommunehelse peker seg særlig ut med merforbruk.
- Vi har også sett på ressursbruken i Lærdal opp mot aktuelle sammenligningskommuner. Sammenligningene mot enkeltkommuner og gjennomsnittet for KOSTRA-gruppe 2 harmonerer med funnene i analysen av kommunens ressursbruk sammenholdt mot de økonomiske rammebetingelsene.
- På øvrige utvalgte tjenesteområder var ressursbruken også noe høyere enn landsgjennomsnittet og sammenlignbare kommuner i 2019.
- Nøkkeltallene på finans viser at Lærdal hadde svakere netto driftsresultat, lavere nivå på disposisjonsfond og høyere gjeldsgrad enn landet for øvrig i 2019.

Oppsummering KOSTRA- og effektivitetsanalyse 2019

- Vi har utarbeidet en analyse som skal illustrere hvordan en kommunes ressursbruk på sentrale tjenesteområder harmonerer med kommunens økonomiske rammebetingelser (dvs. hensyntatt både beregnet utgiftsbehov og reelt inntektsnivå).
- Oppsummert indikerer analysen at kommunen bruker mer penger på de sentrale tjenesteområdene enn det de økonomiske rammebetingelsene skulle tilsi, og at dette er knyttet til både administrasjon, landbruk, grunnskole, kommunehelse, barnevern og sosialtjeneste.

Oppsummering KOSTRA- og effektivitetsanalyse. Lærdal kommune 2019.
Kilde: KOSTRA/KMD, beregninger ved TF

Tjenesteområde	Mer-/mindreutgift 2019 (mill. kr)	
	Landsgjennomsnittet sammenlignet med	«Normert og inntektsjustert nivå»
Barnehage	-3,9	-1,0
Administrasjon	9,6	2,5
Landbruk	1,6	0,5
Grunnskole	7,4	1,8
Pleie og omsorg	15,2	-1,4
Kommunehelse	14,0	10,4
Barnevern	0,5	1,2
Sosialtjeneste	1,2	2,3
Sum	45,6	16,3

Utviklingsmelding for skulane i Lærdal

2019/2020



Borgund skule



Lærdalsøyri skule

Dei fleste kan læra lesa det som står på linene.

det er verre å oppfatta det mellom linene

-Johan Fjellby

Innhald

1. Hovudområder og indikatorar	4
1.1. Elevar og undervisningspersonale	4
1.1.1. Talet på elevar og lærarårsverk	4
1.1.2. Lærartettleik.....	5
1.2. Læringsmiljø	8
1.2.1. Elevundersøkinga	8
1.2.2. Mobbing på skolen (prosent)	12
1.2.3. Nasjonale prøver 5. steget	14
1.2.4. Karakterar - matematikk, norsk og engelsk	20
1.3. Gjennomføring	23
1.3.1. Overgang frå grunnskole til VGO.....	23
2. Informasjon frå skulane	294
3. System for oppfølging (internkontroll).....	Feil! Bokmerke er ikke definert.9

Føreord

Det er fastsett i opplæringslova og privatskolelova at skuleeigar pliktar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. Rapporten om tilstanden (tilstandsrapporten) i opplæringa skal ha med læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av skuleeigaren, dvs. kommunestyret (jamfør opplæringslova § 13-10 andre ledd).

Skuleåret 2019/20 har Lærdal kommune hatt desse skuleeiningane:

Lærdalsøyri skule og Borgund oppvekstsenter.

Tilstandsrapporten for 2019 inneheld eit kort kapittel om utviklingsarbeid i skulen og om vidareutdanning og kompetansesituasjonen til skulane i Lærdal.

For skulen vil det faglege hovudfokuset i 2020/2021 dreia seg om vidare innføring av nytt nasjonalt læreplanverk – fagfornyninga – som gradvis vart gjort gjeldande frå skulestart august 2020. I tillegg skal ein ta til på nytt utviklingsarbeid gjennom desentralisert ordning for kompetanseutvikling i grunnopplæringa ([DeKomp](#)).

Rapporten har med i innleiinga ein del der kvar skule i Lærdal presenterer sentrale fakta, døme på utviklingsarbeid/kompetanseutvikling. Lærdal er aktivt deltakande i utviklingsarbeid, dei tilsette deltek i nettverk både lokalt og regionalt. Skulane har dyktige lærarar/ressurspersonar som bidreg til at det er framgang og retning i utviklingsarbeidet vårt. Eg vil gje ros til det arbeidet som vert drive i kvar av skulane for å følgja opp nasjonale og lokale satsingar og for korleis dei har sørga for at elevane i gode læringsvilkår i ein krevjande situasjon etter 12.mars.

Camilla Grøtnebø

Rådgjevar oppvekst

1. Hovudområder og indikatorar

1.1.Elevar og undervisningspersonale

1.1.1. Talet på elevar og lærarårsverk

Talet på elevar

Indikatoren opplyser om talet på elevar som er registrerte ved grunnskolar per 1. oktober det aktuelle skoleåret. Indikatoren omfattar barn og unge som etter opplæringslova § 2-1 har rett og plikt til grunnskoleopplæring, og som får denne opplæringa ved ein grunnskole. Tala omfattar ikkje vaksne elevar som får grunnskoleopplæring.

Årsverk for undervisningspersonale

Indikatoren viser summen av årsverk for undervisningspersonalet. Summen inkluderer berekna årsverk til undervisning og berekna årsverk til anna enn undervisning. Årsverka er berekna ved å dividere årstimar på årsramma. Det er brukt 741 timar på barnesteget og 656 timar på ungdomssteget. I denne indikatoren høyrer følgjande delskår med: Årsverk til undervisning.

Del av årstimar gitt av personale med godkjend utdanning

Indikatoren viser kor stor del av årstimane som er gjennomførte av undervisningspersonale med godkjend utdanning i dei fag og trinn dei underviser i.

Lokale mål

Alle tilsette i grunnskulen i Lærdal skal ha godkjend utdanning for arbeidet dei skal utføra.

For ungdomssteget er det eit formelt krav om 60 studiepoeng for å kunne undervisa i norsk, matematikk og engelsk jf. opplæringslova. For dei andre undervisningsfaga

på 8.-10. trinn er kravet minst 30 studiepoeng. Valfaga er unnateke desse krava.

På barnesteget er kravet i utgangspunktet at lærarar som skal undervisa i norsk, engelsk eller matematikk, har 30 studiepoeng i faget.

Lærdal kommune skoleeier | Fordelt på periode | Offentleg eigarform

Indikator og nøkkeltall	2017- 18	2018- 19	2019- 20
Talet på elevar	244	236	225
Årsverk for undervisningspersonale	28,1	25,3	26,3
Andel undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning	88,0	91,6	84,9

Lærdal kommune skoleeier, Grunnskole, Antall elevar og lærerårsverk, Offentlig, Alle trinn, Begge kjønn

Skuleeigar si vurdering

Elevtalet i Lærdal har sunke med 19 elevar sidan skuleåret 2017/18. Nedgangen vil fortsetja dei næraste åra då det vil gå ut større årskull frå 10. trinn og det kjem inn nye og mindre årskull i første klasse på Lærdalsøyri. Utan større tilflytting av nye elevar vil trenden med synkande elevtal halde fram.

Samla tal årsverk for undervisningspersonale har gått noko opp frå 2018 til 2019. Dette skuldast hovudsak justeringar i basisbemanninga hjå einskildskular.

Lærarstillingane er dekkja med personale som har utdanning etter gjeldande krav og dispensasjonsreglar. I somme vikariat og i enkelttimar er det mogleg at dette ikkje vert heilt oppfylt. Fagkompetanse og vidareutdanning er elles beskrive i eit eige kapittel tidlegare.

1.1.2. Lærartettleik

Lærartettleik 1.-7. steget og 8.-10. steget


Indikatoren viser gjennomsnittleg lærartettleik på 1.- 7. steget ned på skolenivå. Lærartettleik er rekna ut med utgangspunkt i forholdet mellom elevtimar og lærartimar, og gir informasjon om storleiken på undervisningsgruppa. Indikatoren inkluderer timar til spesialundervisning og til andre lærartimar som blir tildelte på grunnlag av individuelle elevrettar.

Lærartettleik i ordinær undervisning

Lærartettleik i ordinær undervisning er ein indikasjon på tal på elevar per lærar i ordinær undervisning, der ressursar til spesialundervisning og undervisning i særskild språkopplæring ikkje vert medrekna. I andre samanhengar vert dette målet kalla gruppestorleik 2. Mål på lærartettleik er hefta med usikkerheit. Dette kjem av at nokre kommunar fører lærarressursar på kommunen

sentralt, mens andre kommunar fører dei på skolen i GSI. Dette kan til dømes vere timar til spesialundervisning eller til særskild norskopplæring.

Lærdal kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode | Offentleg eigarform



Lærdal kommune skoleeier, Grunnskole, Lærertetthet, Offentlig, Alle trinn, Begge kjønn

Illustrasjon: © Bente fra Skoleporten

Skuleeigar si vurdering

Lærartettleik vert i GSI rekna ut etter den såkalla gruppestorleik 2. Gruppestorleik 2 vert rekna ut på bakgrunn av samla tal elevtimar minus timetal for spesialundervisning og særskilt norsk. Målet på lærartettleik kan vera hefta med noko usikkerheit. Gruppestorleikene bør difor sjåast på som ein indikasjon og ikkje eit absolutt mål. Gjennom Utdanningsdirektoratet sin meir presise lærarkalkulator ved innlogging på GSI (Grunnskulens informasjonssystem) kan skuleeigar rekna litt meir nøyaktig på gruppestorleik 2. Lærartettleiken i Lærdal er litt høgare enn fylkes- og landsgjennomsnittet for alle hovudstega i grunnskulen sett under eitt. Dette skuldast for barnesteget sin del blant anna at Lærdal har ein desentralisert skulestruktur med eit mindre oppvekstsenter. Omfanget av delingstimar og styrkingstimar til tidleg innsats spelar òg inn. Lærartettleiken for barnesteget samla har berre hatt mindre variasjonar dei seinare åra på småskulen.

For ungdomssteget ligg lærartettleiken litt over. Dette har fleire forklaringar, mellom anna omfang delingstimar, ekstra klassesdeling/inndeling i mindre grupper på grunn av trong for tilrettelagt undervisning og omfang deling av grupper i valfag. I perioden 2016–2019 har alle kommunane i Noreg fått øyremerka tilskot til auka lærartettleik uavhengig av om dei allereie innfrir dei nasjonale normtala for lærartettleik.

Desse styrkingsmidlane har utvilsamt gjort at skulane kan driva ei meir fleksibel og tettare oppfølging av elevane på 1.-4. trinn. Dette har også vore eit gode etter innføringa av plikta om intensiv opplæring for elevar på 1.-4. trinn som vart gjort gjeldande frå 1. august 2018. Endringa i opplæringslova inneberer mellom anna at skulane skal syta for at elevar på 1.-4. trinn som står i fare for å bli hengande etter i basisferdigheitene lesing, skriving eller rekning, snøgt skal få eit tilbod om intensiv opplæring.

Frå kalendaråret 2020 er løyvinga frå staten til auka lærartettleik gjort om frå øyremerka tilskot til del av rammetilskotet til kommunane.

1.2.Læringsmiljø

1.2.1. Elevundersøkinga

Alle elevar og lærlingar skal inkluderes og oppleve meistring. Det er obligatorisk for skoleeigarar og skoleleiarar å gjennomføre Elevundersøkinga for elevar på 7. og 10. steget og for Vg1. Ein del av spørsmåla i Elevundersøkinga er sett saman til indeksar som blir viste i Skoleporten. Resultata for alle spørsmåla i Elevundersøkinga blir viste i ein eigen rapportportal. I tilstandsrapporten er desse læringsmiljøindeksane obligatoriske:


- **Støtte frå lærarane:** Indeksen viser korleis elevane opplever emosjonell og fagleg støtte frå lærarane.
- **Vurdering for læring:** Indeksen kartlegg elevane si oppleving av dei fire prinsippa i vurdering for læring.
- **Læringskultur:** Indeksen viser om elevane opplever at skolearbeidet er viktig for klassen, og om det er rom for å gjere feil i læringsarbeidet.
- **Meistring:** Indeksen viser elevane si oppleving av meistring i samband med undervisning, lekser og arbeid på skolen.
- **Elevdemokrati og medverknad:** Indeksen viser elevane si oppleving av om det er mogleg å medverke i arbeidet med faga, og om dei får vere med og avgjere klassereglar og delta i elevrådsarbeid.
- **Andel elevar som har blitt mobba (prosent):** Se eget diagram.

Skala: 1-5. Høg verdi vil seie positivt resultat. Unntak er andel mobbet som er i prosent.

Lokale mål

Det er eit overordna mål at skulane i Lærdal skal vera inkluderande skular med god trivsel, tilhøyrse, høg fagleg kvalitet og gode resultat. Skulane i Lærdal skal vera fri for mobbing. Dette inneber at skulane og skuleeigar må arbeida systematisk med læringsmiljøet, motivasjon, elevmedverknad og vurdering for læring.


Lærdal kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Offentleg eigarform



Lærdal kommune skoleeier, Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig, 2019–2020, Trinn 7, Begge kjønn

Opplysningsvesenetsstatistikk

Lærdal kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Offentleg eigarform



Lærdal kommune skoleeier, Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig, 2019–2020, Trinn 10, Begge kjønn

Illustrasjonen er hentet fra 7. kategorien

Skuleeigar si vurdering

Nøkkeltala frå Elevundersøkinga for 7. trinn hausten 2019 syner at elevane i Lærdal ligg over landssnittet på dei fleste indikatorene, men under på punkta om læringskultur og elevdemokrati/medverknad på 7.trinn. Dette inneber at elevane i heilskap trivest på skulen, at dei får oppgåver som dei meistrar og at elevane opplever at lærarane støttar dei., men me må jobbe vidare med læringskultur og elevdemokrati. Alt i alt gjev elevundersøkinga ein indikasjon på at det vert gjort mykje bra arbeid i skulane i Lærdal og at læringsmiljøet jamt over er trygt og stimulerande.

Læringskultur

Dette området tek føre seg spørsmål om arbeidsro i timane, kor viktig elevane i klassen synest det er å arbeida godt med skulearbeidet og i kor stor grad lærarane synest det er greitt at elevar gjer feil fordi elevane kan læra av feila dei gjer. Her ligg Lærdal godt under landssnittet på 7.trinn. Dette er det ulike grunnar til, og skulane jobbar systematisk med dette.

elevdemokrati/medverknad

Spørsmåla på dette området er m.a. Er de elevar med på å føreslå korleis de skal arbeida med faga?, Høyrer skulen på elevane sine forslag?, Er de elevar med på å laga reglar for korleis de

skal ha det i klassen? Talet for Lærdal er rett under landssnittet på 7.trinn. Elevdemokrati og medverknad er eit sentralt område i fagfornyinga, så dette området vil skulane arbeida systematisk med.

1.2.2. Mobbing på skolen (prosent)

Mobbing på skolen viser prosentdelen elevar som svarer at dei blir mobba av medelever, mobba digitalt (på skulen) og/eller mobba av vaksne på skulen 2-3 gonger i månaden eller oftare.

Prosentdelen elevar som opplever mobbing på skolen er summen av den prosentdelen elevar som har kryssa av på svaralternativa «2 eller 3 gonger i månaden», «Omtrent 1 gong i veka» og «Fleire gonger i veka». Prosentdelen elevar som har blitt mobba på skolen seier med andre ord ingen ting om kor ofte elevane opplever å bli mobba.

Lokale mål

Skulane i Lærdal skal vera fri for mobbing.

Lærdal kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Offentleg eigarform



Lærdal kommune skoleeier, Grunnskole, Mobbing på skolen (prosent), Offentlig, 2019-2020, Trinn 7, Begge kjønn

Illustrasjonen er hentet fra Skoleporten

A høyre til

Vondt er av alle andre
bli trakka på og trengd.
Men vondare å veta
at du er utestengd.

Det er så mangt i livet
du ventar deg og vil.
Men meir enn det å vera,
er det å høyre til.

Jan-Magnus Bruheim

Lærdal kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Offentleg eigarform



Lærdal kommune skoleeier, Grunnskole, Mobbing på skolen (prosent), Offentlig, 2019-2020, Trinn 10, Begge kjønn

Illustrasjonen er hentet frå Skoleporten

Skuleeigar si vurdering

I Elevundersøkinga er mobbing definert slik:

«Med mobbing mener vi gjentatte negative handlinger fra en eller flere sammen, mot en elev som kan ha vanskelig for å forsvare seg. Mobbing kan være å kalle en annen stygge ting og erte, holde en annen utenfor, baksnakke eller slå, dytte eller holde fast.»

Både mobbetalet for 7. trinn og for 10. trinn er dette skuleåret unnateke offentlegheit, jf. reglane for Elevundersøkinga: «Resultatet vises ikke hvis 1-4 elever har svart at de opplever mobbing på skolen. Det vises ved en *.»

I og med at Lærdal er ein liten kommune med relativt få elevar, så skal det lite til for at ein prosentvis får noko høge tal. Skulane arbeider systematisk for å førebyggja mobbing og skapa gode klasse- og skulemiljø. Når det likevel oppstår mistrivnad og elevar opplever at dei vert trakasserte eller mobba, så er det særst viktig at skulane følgjer opp med tiltak. Null prosent mobbing er det målet skulane og kommunen jobba etter.

Alle skulane i Lærdal har i 2018 delteke i Inkluderande barnehage- og skulemiljø (IBOS). Gjennom dette har det vorte arbeidd systematisk med tema som sårbare barn og risikofaktorar for psykisk helse, kva som fremjar eit inkluderande og psykisk helsefremjande miljø, kva er mobbing og

krenkingar i skule, vaksenrolla og relasjonsbygging, observasjon, tiltak og godt samarbeid heim-skule.

Skulane føl nøye opp resultatane i Elevundersøkinga umiddelbart for å sjå etter og kartleggja kva som bak tala. Resultata frå Elevundersøkinga på hausten vert også følgt opp med nye kartleggingar om det skulle vera trong for det. Skulane grip såleis tidleg fatt i resultatane og følgjer opp og handterer dei sakene som eventuelt oppstår.

I tillegg deler skulane og barnehagane erfaringar seg imellom gjennom oppvekstmøte der både styrarar frå kvar barnehage samt rektorar og rådgjevar oppvekst møtest.

1.2.3. Nasjonale prøver 5. steget

Indikator og nøkkeltall	2016-2017	2017-2018	2018-2019	2019-2020
Engelsk	50	47	45	47
Lesing	50	48	46	42
Regning	52	52	46	45

Lærdal kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Offentlig, Trinn 5, Begge kjønn

Om lesing

Nasjonale prøver i lesing kartlegg i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita lesing, slik ho er integrert i kompetanssmål i læreplanar for fag i LK06.

Dei nasjonale prøvene i lesing omfattar tre aspekt. Elevane skal vise at dei kan:

1. finne informasjon
2. forstå og tolke
3. reflektere over og vurdere form og innhald i teksten

Indikator og nøkkeltall	Mestringsnivå 3	Mestringsnivå 2	Mestringsnivå 1
-------------------------	--------------------	--------------------	--------------------

2016-2017	26,7	46,7	26,7
2017-2018	17,9	53,6	28,6
2018-2019	8,7	56,5	34,8
2019-2020	5,3	42,1	52,6

Enhet: LærdalkommuneskoleeierLærdalkommune skoleeier,
Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Offentlig, Trinn 5, Begge
kjønn

Om rekning

Nasjonale prøver i rekning skal kartleggje i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita rekning, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dette inneber at nasjonale prøver i rekning ikkje er ei prøve i matematikk som fag. Dei nasjonale prøvene i rekning dekkjer tre innhaldsområde:

- tal
- måling
- statistikk

Prøvene i rekning tek utgangspunkt i korleis elevane bruker rekning i ulike faglege og daglegdagse samanhengar. Dette inneber at elevane forstår korleis dei:

- kan løyse ei gitt utfordring
- kan løyse problemet ved hjelp av rekneoperasjonar
- kan vurdere om svara er rimelege
- kan ha effektive strategiar for enkel talrekning

Indikator og nøkkeltall	Mestrin gsnivå 3	Mestrin gsnivå 2	Mestrin gsnivå 1
--------------------------------	-------------------------	-------------------------	-------------------------

2016-2017	40,0	33,3	26,7
2017-2018	41,4	41,4	17,2
2018-2019	13,0	52,2	34,8
2019-2020	10,5	42,1	47,4

Lærdal kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Offentlig, Trinn 5, Begge kjønn

Om engelsk

Engelsk er ikkje ein del av dei grunnleggjande ferdigheitene som er integrerte i kompetansemål i læreplanane i alle fag i LK06. Prøvene tek utgangspunkt i kompetansemål i eitt fag – engelsk.

Oppgåvene (på 5. steget) er knytte til desse ferdigheitene:

- finne informasjon
- forstå hovudinnhaldet i enkle tekstar
- forstå vanlege ord og uttrykk knytta til daglegliv og fritid
- forstå kva ord og uttrykk tyder ut frå samanhengen dei er brukte i
- bruke vanlege grammatiske strukturar, småord og enkle setningsmønster

Indikator og nøkkeltall	Mestringsnivå	Mestringsnivå	Mestringsnivå
	3	2	1
2016-2017	20,0	60,0	20,0
2017-2018	10,3	58,6	31,0
2018-2019	4,3	52,2	43,5
2019-2020	16,7	55,6	27,8

Enhet: Lærdal kommune skoleeier
Lærdal kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Offentlig, Trinn 5, Begge kjønn

Lokale mål

Det er eit mål at skulane i Lærdal skal prestera godt på nasjonale prøvar. Det viktigaste er likevel at kvar elev har god læringsutvikling gjennom opplæringa frå 1. til 10. trinn, slik at elevane får tru på eigne evner, opplever meistring og har eit best mogleg fagleg fundament

for det vidare opplæringsløpet.

Skuleeigar si vurdering

Årskulla i Lærdal er høvesvis små. Det medfører at det lett kan vera store svingningar mellom kulla. Dette må takast omsyn til når ein vurderer resultatane. Det er eit viktig mål å redusera talet elevar som presterer på lågaste meistringsnivå. Som de ser på nøkkeltala, har me nedgang i antall elevar på lågaste nivå og auke i antal elevar på høgaste nivå i engelsk.

Nasjonale prøver ungdomssteg

Indikator og nøkkeltall	2016-17	2017-18	2018-19	2019-20
Engelsk	50 (3,7)	46 (3,7)	52 (3,5)	49 (3,9)
Lesing	48 (4,2)	49 (3,6)	50 (3,0)	49 (5,2)
Regning	49 (3,5)	52 (3,4)	51 (3,0)	50 (4,7)

Lærdal kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Offentlig, Trinn 8, Begge kjønn

Om lesing

Nasjonale prøver i lesing skal kartleggje i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med måla for den grunnleggjande ferdigheita lesing, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dette inneber at nasjonale prøver i lesing ikkje er ei prøve i norskfaget.

Dei nasjonale prøvene i lesing omfattar tre aspekt ved lesing. Elevane viser at dei kan:

1. finne informasjon
2. forstå og tolke
3. reflektere over og vurdere form og innhald i teksten

4. Delskår	2016-17	2017-18	2018-19	2019-20
Mestringsnivå 1	20,0	9,5	7,7	26,7
Mestringsnivå 2	12,0	9,5	11,5	0,0
Mestringsnivå 3	40,0	57,1	50,0	40,0
Mestringsnivå 4	16,0	14,3	26,9	33,3
Mestringsnivå 5	12,0	9,5	3,8	0,0

Lærdal kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Offentlig, lesing Trinn 8, Begge kjønn

Delskår	2016-17	2017-18	2018-19	2019-20
Mestringsnivå 1	0,0	11,5	13,0	4,0
Mestringsnivå 2	0,0	11,5	4,3	8,0
Mestringsnivå 3	44,8	38,5	47,8	28,0
Mestringsnivå 4	31,0	26,9	26,1	28,0
Mestringsnivå 5	24,1	11,5	8,7	32,0

Lærdal kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Offentlig, lesing Trinn 9, Begge kjønn

Om rekning

Nasjonale prøver i rekning kartlegg i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita rekning, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dette inneber at nasjonale prøver i rekning ikkje er ei prøve i matematikk som fag. Dei nasjonale prøvene i rekning dekkjer tre innhaldsområde:

- tal
- måling
- statistikk

Prøvene i rekning tek utgangspunkt i korleis elevane bruker rekning i faglege og daglegdagse samanhengar. Dette inneber at dei:

- forstår og kan reflektere over korleis dei best kan løyse ei gitt utfordring
- kan løyse problemet ved hjelp av rekneoperasjonar
- kan vurdere om svara dei får er rimelege
- kan vise effektive strategiar for enkel talrekning

• Delskår	2016-17	2017-18	2018-19	2019-20
Mestringsnivå 1	4,0	4,2	0,0	0,0
Mestringsnivå 2	24,0	12,5	16,9	33,3
Mestringsnivå 3	52,0	45,8	52,0	33,3
Mestringsnivå 4	12,0	20,8	20,0	26,7
Mestringsnivå 5	8,0	16,7	12,0	6,7

Lærdal kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Offentlig, rekning Trinn 8, Begge kjønn

Delskår	2016-17	2017-18	2018-19	2019-20
Mestringsnivå 1	0,0	8,3	4,3	0,0
Mestringsnivå 2	3,4	16,7	8,7	12,0
Mestringsnivå 3	34,5	33,3	17,4	16,0
Mestringsnivå 4	34,5	16,7	47,8	44,0
Mestringsnivå 5	27,6	25,0	21,7	28,0

Lærdal kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Offentlig, rekning Trinn 9, Begge kjønn

Om engelsk

Engelsk er ikkje ein del av dei grunnleggjande ferdigheitene som er integrerte i kompetansemål i læreplanane i alle fag i LK06. Prøvene tek utgangspunkt i kompetansemål i eitt fag – engelsk.

Oppgåvene for ungdomssteget er knytte til desse ferdigheitene:

- finne informasjon
- forstå og reflektere over innhaldet i tekstar av ulik lengd og forskjellige sjangrar
- rå over eit ordforråd som dekkjer daglegdagse situasjonar
- forstå kva ord og uttrykk tyder ut frå samanhengen dei er brukte i
- forstå bruken av grunnleggjande reglar og mønster for grammatikk og setningstypar

Tabellane viser gjennomsnittet av elevane sine skalapoeng og usikkerheita knytt til dette gjennomsnittet. Søylen viser intervallet på skalaen der hovuddelen (60 prosent) av elevane er. Dette er eit mål på spreinga av resultatata til elevane. På 5. og 8. trinn vert elevane plasserte på høvesvis 3 og 5 meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Presentasjonen viser eit oversyn over prosentvis fordeling av elevar på dei ulike meistringsnivåa.

Delskår	2016-17	2017-18	2018-19	2019-20
Mestringsnivå 1	8,0	9,1	4,0	6,7
Mestringsnivå 2	24,0	27,3	12,0	13,3
Mestringsnivå 3	40,0	54,5	44,0	53,3
Mestringsnivå 4	16,0	4,5	32,0	20,0
Mestringsnivå 5	12,0	4,5	8,0	6,7

Lærdal kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Offentlig, engelsk Trinn 8, Begge kjønn

Lokale mål

Det overordna målet er at kvar elev skal ha ei fagleg god utvikling i løpet av dei tre åra på ungdomssteget. Generelt er det eit klårt mål å få fleire elevar til å stiga frå eitt meistringsnivå til nivået/nivåa over og å redusera talet elevar som skårar på lågaste meistringsnivå.

Skuleeigar si vurdering

Årskulla i Lærdal er høvesvis små. Det medfører at det lett kan vera store svingningar mellom kulla. Dette må takast omsyn til når ein vurderer resultatata.

Det mest interessante er kanskje å sjå utviklinga frå 8. til 9. trinn innafør eitt og same årskull. Her syner tala ei positiv utvikling. Sjå fargemarkering i tabellane. Nasjonasl prøve i engelsk vert berre gjennomført på 8.trinn.

1.2.4. Karakterar - matematikk, norsk og engelsk

Standpunkt karakterar og karakterar frå eksamen i grunnskolen og i vidaregåande opplæring utgjer sluttvurderinga. Denne vurderinga gir informasjon om kompetansen eleven har oppnådd i faget.

Vurderinga skal ta utgangspunkt i måla i læreplanverket. Graderinga beskriv at karakteren:

- 1 uttrykkjer at eleven har svært låg kompetanse i faget
- 2 uttrykkjer at eleven har låg kompetanse i faget
- 3 uttrykkjer at eleven har nokså god kompetanse i faget
- 4 uttrykkjer at eleven har god kompetanse i faget
- 5 uttrykkjer at eleven har mykje god kompetanse i faget
- 6 uttrykkjer at eleven har framifrå kompetanse i faget

Karakterskalaen er 1-6. Beste karakter er 6. Karakterane er viste som gjennomsnitt.

Skuleeigar si vurdering

Ettersom eksamensoppgåvene er ulike frå år til år, er det normalt med noko meir variasjon i karaktergjennomsnitt og karakterfordeling enn for standpunkt. Dette inneber at eksamensresultata ikkje er direkte samanliknbare frå år til år. Skuleåret 2019/20 vart alle eksamen avlyst grunna Covid 19

Grunnskolepoeng


Grunnskolepoeng er eit mål for det samla læringsutbyttet for elevar som får sluttvurdering med karakterar. Karakterane blir brukte som kriterium for opptak til vidaregåande skole.

Grunnskolepoeng er rekna ut som summen av dei avsluttande karakterane til elevane, delt på talet på karakterar og gonga med 10.

Dersom det manglar karakterar i meir enn halvparten av faga, skal det ikkje reknast ut poeng for eleven

Grunnskolepoeng er presentert som karaktergjennomsnitt med ein desimal.

Lærdal kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode | Offentleg eigarform



Skuleeigar si vurdering.

Samanlikna med året før auka snitt grunnskulepoeng med 4,1, dvs. frå 40,0 til 44,1 grunnskulepoeng. Det ligg for fyrste gong på lenge godt over landsgjennomsnittet.

Landsgjennomsnittet har og hatt ein markant auke samanlikna med tidlegare år. Sist me var opp på same snitt var i 2016/2017. Her kan Covid 19 situasjonen og avlyste eksamenar ha påverka resultatane, men det er og viktig å hugse på dei store variasjonane i årskull i kommunar med lågt elevantal. Det er stor skilnad i gjennomsnittleg grunnskulepoeng for gutar og jenter. Dette gjeld både


nasjonalt, fylket og lokalt for elevene i Lærdal. Jentene skårer jamnt over bedre enn guttene.

Skolebidrag 1.-4. trinn

Skolebidrag 1.-4. trinn indikerer hvor mye skolen har bidratt til elevenes læring i de grunnleggende ferdigheter/fag som testes på nasjonale prøver på 5. trinn sammenlignet med bidraget til elever med tilsvarende elevbakgrunn på landsnivå.

Skole-/kommunebidraget tilsvarer dermed forskjellen mellom det de gjennomsnittlige skalapoeng elevene faktisk oppnår på de nasjonale prøvene og det snittet de forventes å oppnå dersom skolens/kommunens bidrag er likt med landsgjennomsnittet.

Lærdal kommune skoleeier | Fordelt på periode | Offentleg eigarform



Lærdal kommune skoleeier, Grunnskole, Skolebidrag 1.-4. trinn, Offentlig, Alle trinn, Begge kjønn

Illustrasjonen er hentet fra Skolebidraget

Skuleeigar si vurdering

Føremålet med skulebidragsindikatoren er at den forsøker å visa kva som er skulen sin innsats når det gjeld elevresultata. For å kunne måle skulen sitt bidrag, må ein skilje ut den delen av læringsresultatet som skuldast dei føresetnadene elevene har med seg. Skulebidraget vert kontrollert for tidlegare elevprestasjonar i tillegg til foreldrebakgrunn (foreldra sitt utdanningsnivå, inntekt i hushaldet og elevene sin innvandringsbakgrunn).

Skulebidragsindikatorane gjev inga forklaring på kvifor bidraget er som det er. Dei må sjåast i samheng med lokalt kunnskapsgrunnlag og anna tilgjengeleg informasjon om tilstanden i

skulen, som læringsresultat og læringsmiljø.

For elevane finst det ikkje tidlegare resultat enn nasjonale prøvar på 5. trinn. For indikatoren for 1.-4. trinn vert det derfor kun kontrollert for familiebakgrunn. Den gjev difor ikkje eit så presist estimat på skulen sitt bidrag samanlikna med dei andre trinna. Statistikken tek føre seg to og to samanslåtte årgangar. Resultata for Lærdal indikerer at me ligg under landsgjennomsnittet. Ein negativ verdi på skolebidraget betyr ikkje at elevane ikkje har progresjon i løpet av 1.-4. trinn, eller at skulen ikkje har bidrege positivt til elevane si læring. Ein negativ verdi indikerer kun at elevane på skulen har hatt låere progresjon enn andre elevar i landet med tilsvarande forutsetningar. Lærdal har høvesvis få elevar. Det kan lett påverka usikkerheiten i tala/statistikken. Ein elev som presterer svært godt eller svært dårleg, vil påverka gjennomsnittet mykje meir på ein liten skule enn på ein stor skule.

1.3. Gjennomføring

Alle elevar og lærlingar som er i stand til det, skal gjennomføre vidaregåande opplæring. Kompetansebeviset skal sikre dei vidare studium eller deltaking i arbeidslivet.

Utdanningsdirektoratet tilrår at skoleeigarane tek med denne indikatoren: Overgang frå GS til VGO

1.3.1. Overgang frå grunnskole til VGO

Prosentdelen av elevkullet som er registrert i vidaregåande opplæring hausten etter uteksaminering frå grunnskolen.

Ein feil i Skoleporten gjer at overgangar frå grunnskule til VGO ikkje blir vist i mal for tilstandsrapport for offentlege skuleeigarar. Vi jobbar med å løysa problemet, og tilrår at ein inntil vidare hentar ut tala frå rapportbyggjaren i Skoleporten.

Lokale mål

Alle elevane skal komme i gang med vidaregåande opplæring etter grunnskulegang.

Lærdal kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode | Offentleg eigarform

Indikator og nøkkeltall	2017	2018	2019
Elever (16 år) som er registrert i videregående opplæring samme år som avsluttet grunnskole			
Lærdal kommune skoleeier			100,0

Vestland fylke

Nasjonalt

Lærdal kommune skoleeier, Grunnskole, Overgangen fra grunnskole til VGO, Offentlig, Alle trinn, Begge kjønn

Skuleeigar si vurdering

Elevane frå Lærdal startar i særst stor grad på eit vidaregåande løp trass i at enkelte av elevane frå Lærdal må flytta på hybel når dei tek til i vidaregåande opplæring. Å flytta på hybel har vore sett på som ein auka risiko i forhold til å starta på og å gjennomføra vidaregåande opplæring. Målet må fortsatt vera å få til ein god overgang som gjer at alle elevane kjem i gang med vidaregåande skule etter ferdig grunnskule.

2. Informasjon frå skulane

Lærdalsøyri skule

Lærdalsøyri skule hadde dette skuleåret 207 elevar, 29 av desse var framandspråklege. Ved oppstart haust 2020 er det meldt om tilflytting av tre polske elevar. Dette synleggjer auka behov for timar til språkopplæring. Kommunestyret bevilga ein 50% ekstra lærarstilling i 2020, men skulen ser at det er behov for endå meir. Skulen har heller ikkje lærarar med kompetanse i migrasjonspedagogikk. Noko me ynskjer skal bli prioritert i kompetanseplanen for 2021/2022.

Det var 26 pedagogar og seks barne- og ungdomsarbeidarar tilsette ved skulen. Skulen hadde ein lærling i barne- og ungdomsarbeiderfaget som tok fagbrev i november 2019. Denne ordninga vidarefører skulen dette skuleåret.

Skulen må fortsatt ha fokus på å auka kompetanse i basisfaga for fleire lærarar som underviser på barnetrinnet. Det er fortsatt behov for engelskkompetanse. Det er viktig at dette faget vert prioritert vidare. To lærarar har fått styrka kompetansen i musikk og IKT i fag dette skuleåret. Skulen leiger inn kompetanse i musikk frå kulturskulen. Det er viktig at skulen styrkar sin eigen kompetanse innan faget, på same tid som me ynskjer eit mykje tettare samarbeid med kulturskulen.

På SFO har det vore påmeldt 27 born.

Skuleutvikling

På planleggingsdag i august hadde alle lærarne i kommunen ei forelesing med Guttorm Helgøy frå Gangstø kompetansesenter og Trygg i Fjell. Forelesinga hadde tittelen «Trygge, varme og tydelege vaksne mot mobbing og krenking.» Dette var ein del av vidareføringa med prosjektet «Inkluderande skule-og barnehagemiljø». Fokuset på vidare arbeid vart: Vaksne som rollemodellar og vaksne sitt arbeidsmiljø.

Som eit ledd i det førebyggjande arbeidet inn mot eit inkluderande skulemiljø vart også Vennskapveka arrangert tre dagar i forbindelse med FN-dagen. Denne hausten vart den arrangert trinnvis. Uansett form skaper desse dagane tryggleik, trivsel og utviklar ofte nye vennskap på tvers av klassar.

Spesialundervisninga

Skulen ligg fortsatt høgt på antal vedtak om spesialundervisning. Dette er det sett fokus på ved systematisk jobbing, og i samarbeid med PPT vert det lagt vekt på førtilmeldingsfasen. PPT hjelper lærarane med tiltak/organisering i klassane som kan førebyggja oppmelding. Tidleg innsats i form av ekstra lærartettleik i 1.-4.klasse klasse er også førebyggjande. Forsking viser at elevane lærar best i eit fellesskap, men treng då tilrettelegging som gjer at dei opplever meistring. Små drypp ute av klasserommet i små grupper, i tillegg til å vera mest mogleg inne i klassen, viser seg å ha best effekt for læring.

Mål og strategiar framover

Lærdalsøyri skule har fokus på elevane sitt læringsmiljø. Samarbeid og dialog med foreldre er det viktigaste for å lukkast i å ha ein skule der alle elevar opplever trivsel og meistring. Elevmerknad er viktig for å ansvarleggjera elevane. Skulen har eit aktivt elevråd som engasjerer seg, i tillegg også eit aktivt FAU. Bruk av mobil i skuletida har vist seg at det kan vera noko grobunn til mobbing. Etter ein lengre prosess i både lærargruppa, elerådet og FAU vart det vedteke mobilforbod på skulen på SU sitt møte i slutten av oktober. Det vart kjøpt inn mobilhotell og regelen trådde i kraft frå 6. januar 2020.

Forebygging av mobbing har vore eit viktig tema, og det vart oppretta eit samarbeid med mobbeombodet i Sogn og Fjordane, Aina Drage. Ho skulle delta på tre foreldremøter vinter/vår dette skuleåret retta mot småskulesteget, mellomsteget og ungdomssteget. Samarbeidet stoppa opp etter eit foreldremøtet ho gjennomførte 10. mars retta mot mellomsteget. Skulestenging p.g.a. koronapandemien var grunnen til dette.

Digitaliseringa gjorde store framskritt i heimeskuleperioden frå 12. mars til 27.april/11. mai. Småskulesteget fekk utnytta for fullt bruk av Ipad som eit læringsverktøy. Dette må skulen ta med seg vidare. Det er no bestilt inn nye datamaskiner slik at både mellomsteget og ungdomssteget vert oppgradert.

Det vart gjort ein stor innsats under heimeskuleperioden. Teams vart teken i bruk frå fyrste stund, og lærarane hadde tett oppfølging med elevane. Mykje prøving og feiling frå start, men etter kvart kom undervisninga inn i eit system. Tilbakemeldingar etter perioden viser at det fungerte ikkje like godt for alle klassar. Lærarane opplevde utfordringar med å «nå» elevane i språkgruppene. Spes. ped. undervisninga fungerte bra, det vart gjort eit godt arbeid inn mot dei fleste elevane her. Leiinga deltok på Teams i trinnmøta til lærarane for å fylgja med på undervisninga og evt. utfordringar lærarane stod i.

Vidare er arbeidet med nye læreplanar eit stort fokusområde framover. Tid til dette arbeidet måtte leggjas på is i heimeskulesperioden. Kompetansepakka til udir vert fylgt vidare og lærarane er svært fornøgd med å bruka denne. Dette arbeidet vert vidareført hausten 2020.

Borgund skule

Borgund skule er todelt med 19 elevar skuleåret 2019/20-2021. Skulen sitt SFO-tilbod er lagt til barnehagen. Frå hausten 2020 er det fem elevar som nyttar SFO-tilbodet.

Skulen sine satsingsområde:

Leseopplæring:

Skulen har gjennomført kartleggingsprøver i kjernefaga og nasjonale prøver for 5. klasse. Me har hatt fokus på lesing i alle fag, i tillegg til ulike leseprosjekt. Elevane har tilgang til skulebiblioteket i skuletida.

Vurdering for læring:

«Kartleggaren» har blitt brukt på mellomsteget. Dette er ein god reiskap for framovermeldingar til elevane. Elev- og utviklingssamtalar med skriftleg vurdering og individuelle arbeidsmål vart gjennomført haust og vår.

Spesialundervisning:

Frå hausten 2020 er det tre einskildvedtak om spesialundervisning. Spes.ped.ressursane har vore nytta fleksibelt. Skulen har fokus på tidleg innsats og avslutning av tiltaka når måla er nådde. Hjelpetiltaka vert organisert på ulike måtar – individuell undervisning, i små grupper og/eller to-lærarsystem – slik at det gagnar eleven si utvikling best mogeleg.

Skulemiljøet:

Skulen har nulltoleranse mot mobbing. Dette er noko det vert jobba med kontinuerleg. Personalet har gjennomført opplæringsprogrammet KLAPP, der fokuset er positiv psykisk helse. Dei har og gjennomført kurs og arbeid med «Inkluderande barnehage- og skulemiljø».

Skulen har og hatt samarbeid med ulike prosjekt mellom klassane, bedrifter i nærmiljøet, lokale organisasjonar, fellesturar, Den kulturelle skulesekken, ekskursjonar m.m.

Samarbeidet mellom heim_skule har og er eit prioritert satsingsområde.

Mål og strategiar framover:

Skulen skal fortsetja med leseprosjekt på alle steg for å betre leseforståinga hjå elevane.

Kompetanseutvikling:

Lærarane deltek på fagnettverk i basisfaga.

Fagfornyninga vert det jobba med framover og nye fagplanar vert utarbeidd.

Det er ikkje planlagt vidareutdanning skuleåret 20/21.

Svakheiter:

Me har eit lite pedagogisk og fagleg miljø her på Borund, noko som kan vera utfordrande ved fråvær bl.a. Fire av sju pedagogar er over 60 år, noko som legg beslag på ressursar i form av nedsett leseplikt.

Styrkar:

Pedagogane er dyktige og erfarne. Romkapasiteten er god, med store og tenlege rom med gode luft- og lysforhold. Me har eit flott uteområde med kort avstand til det meste. Kjønnssamansetninga er ujamt fordelt på ein mann og seks kvinner. Sjukefråværet er lågt, godt under gjennomsnittet for heile kommunen.

3. System for oppfølging (internkontroll)

Verktøy som er sentrale i dette arbeidet er:

- opplæringslova
- tenesteplan og utviklingsplan
- leiarsamlingar sentralt (1-2 gonger i halvåret)
- Oppvekstmøte (ein gong i månaden)
- kontinuerleg samarbeid om prosedyrar i arbeidet med kvalitetssikring og kvalitetsutvikling
- årshjul med innlagde vernerundar

NKRFs Kontrollutvalgskonferanse 2021

[Tilbake til kursoversikten](#)

Nøkkelinfo

Fra/til	21.4—22.4
Påmeldingsfrist	11.3
Pris	Annonseres senere
Sted	The Qube - Clarion Hotel & Congress Oslo Airport, Gardermoen
Varighet	21.4.: 10.00 - 17.00 22.4.: 09.00 - 13.00

OBS - Opprinnelig annonsert 3. - 4. februar 2021. Tidspunktet flyttet til 21. - 22. april 2021 pga. covid-19-situasjonen.

Vi har gleden av å invitere til NKRFs årlige Kontrollutvalgskonferanse 21. - 22. april 2021, som vanlig på Gardermoen. Vi benytter The Qube, som ligger i tilknytning til hotellene Clarion Hotel & Congress Oslo Airport og Comfort Hotel RunWay.

Fra den første konferansen i 2005 med ca. 300 deltakere har dette årlige arrangementet vokst betydelig og etablert seg som det viktigste og største treffpunktet for kontrollutvalgene i kommunal sektor. I 2020 samlet konferansen rundt 800 deltakere.

Målgruppe

Ledere og medlemmer av kontrollutvalg, kontrollutvalgssekretærer, revisorer, ordførere, kommunedirektører og ellers alle med interesse for kontroll, revisjon og tilsyn i kommunal sektor.

Programmet er under planlegging. Hvis du har forslag til temaer og/eller innledere kan du sende en e-post til post@nkrf.no.

#ku21nkrf

Sett av datoene allerede nå. Mer informasjon kommer senere.

Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 3/2021 Orientering om budsjett for kontrollutvalet 2021

Sakshandsamar Richard Nesheim	Møtedato 22.2.2021	Sak nr 3/2021
---	------------------------------	-------------------------

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Kontrollutvalet tek budsjettet for kontroll- og tilsynsarbeidet til vitande.

VEDLEGG:

Nr.	Dok. Dato	Avsendar	Tittel
1	05.02.21	Rekneskapssjef Reidar Johnsen	Vedteke budsjett for kontrollarbeidet i kommunen 2021

SAKSUTGREIING

Kontrollutvalet vedtok i sak 18/20 framlegg til budsjett for kontrollutvalet, som vart sendt til kommunen for innarbeiding i kommunen sitt samla budsjett. Kommunestyret vedtok den 10.12.20 det endelege budsjettet. Tabellen nedanfor viser framlegget frå kontrollutvalet sett opp mot vedteke budsjett. Det er sett av midlar til forvaltningsrevisjon i 2021. Elles er det sett av noko meir til drift av kontrollutvalet i det endeleg vedtekne budsjettet .

Område	Budsjett 2021	
	Framlegg frå kontrollutvalet	Vedtak i kommunestyret
Kontrollutvalet	118 440	129 300
Sekretariatet	183 000	183 000
Finansiell revisjon	190 000	190 000
Kjøp av forvaltningsrevisjon	200 000	200 000
Totalt kontroll og tilsyn	691 440	702 300

Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 4/2021 Årsmelding for kontrollutvalet 2020

Sakshandsamar	Møtedato	Sak nr
Richard Nesheim	22.2.2021	4/2021

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

- Kontrollutvalet vedtek vedlagde årsmelding for 2020, med eventuelle korrigeringar som kjem til i møtet.
 - Årsmeldinga vert sendt til kommunestyret til orientering
-

VEDLEGG:

Nr.	Dok. Dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	22.2.2021		Årsmelding for kontrollutvalet 2020

**KONTROLLUTVALET I LÆRDAL
KOMMUNE**

ÅRSMELDING 2020

- Utkast -

Innleiing

Kommunelova (KL) sjuende del, kapittel 22 til 26 omhandlar internt tilsyn og kontroll samt revisjon. Kommunestyret har det øvste tilsynsansvaret med den kommunale forvaltninga, jfr. KL § 22-1. Kommunestyret vel eit kontrollutvalet til å stå føre det løpande tilsynet med den kommunale forvaltninga, jfr. KL § 23-1.

Kontrollutvalet er direkte underlagt kommunestyret og dette gjer at kontrollutvalet har ein uavhengig ståstad i høve til andre politiske og administrative organ. Det er følgjeleg berre kommunestyret som kan instruere kontrollutvalet. Sekretariatet for kontrollutvalet skal vere uavhengig av rådmannen.

Etter kommunevalet i september 2019 valde kommunestyret følgjande kontrollutval for perioden 2019 - 2023:

Njål Kaardal Golf – leiar	- varamedlem Anders Voll Eltun
Britt Bruflot Gram - nestleiar	- varamedlem Marit Eri
Egil Natvik Vestrheim	- varamedlem Halvard Lunden
Jens Rikheim	- varamedlem Kari Blaaflat
Guri Olsen	- varamedlem Gerd Anne Skalle

Egil Natvik Vestrheim vart og valt inn i kommunestyret. Frå og med 03.09.2020 er og Njål Kaardal Golf fast medlem i kommunestyret for eit år framover.

Kontrollutvalet sitt formål

Kontrollutvalet sitt hovudmål er å medverke til at kommunen sine oppgåver vert løyste på ein best mogleg måte i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.

Hausten 2019 vart ny kommunelov gjort gjeldande, utan at det betyr vesentlege endringar for oppgåvene til kontrollutvalet. Kontrollutvalet sine oppgåver er heimla direkte i kommunelova kapittel 23 og i forskrift om kontrollutval og revisjon fastsett av Kommunal og regionaldepartementet.

Kontrollutvalet sitt ansvar for tilsyn og kontroll er todelt, der den eine oppgåva rettar seg mot tilsyn med forvaltninga i kommunen, og den andre oppgåva rettar seg mot utføring av revisjonsoppgåvene.

Revisjon

Vinteren 2019 vart det gjennomført nytt anbod på revisjonstenester. Etter tilråding frå kontrollutvalet vedtok kommunestyret at KPMG tok over som revisor frå 1.juli 2019. KPMG leverer finansiell revisjon, men kan ved behov levere forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. KPMG har avtale om revisjon fram til 30.06.21. Deretter har kommunen opsjon på å forlenge avtalen i to år – fram til 30.06.23.

Sekretariat for kontrollutvala

I 2008 gjorde kommunestyret vedtak om å inngå avtale om sekretariatsfunksjon med PricewaterhouseCoopers (PwC) med verknad frå 1.1.2009. Alle kommunane i Sogn regionråd er med i dette samarbeidet. Avtalen har vore vore ute på anbod fleire gongar. Det vart i 2017 inngått ny avtale som gjaldt fram til 01.06.2019, men med høve til forlenging i 2 + 2 år. Kontrollutvalet og administrasjonen valte å nytte opsjonen, og avtalen er forlenga fram til 01.06.2021.

Det er i 2020 gjennomført 5 ordinære møter i kontrollutvalet i samsvar med oppdragsavtalen med PwC. I tillegg vart det gjennomført fleire arbeidsmøter i samband med arbeidet med arbeidet med å lage grunnlag for ny plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Dei viktigaste sakene i 2020

I 2020 blei det gjort vedtak i til saman 23 saker. Dei viktigaste sakene har vore:

- Forvaltningsrevisjonsrapport om internkontroll og innkjøp vart handsama i sak 3/20. Resultatet av forvaltningsrevisjonen viste at det er stort rom for forbedring i høve til organisering for å sikre god internkontroll i eininga. Det vart og vist til brot på regelverket om offentlege anskaffingar. Kontrollutvalet rådde til at tilrådingane i rapporten vart følgt opp og sett i verk i det vidare arbeidet med å sikre kvaliteten i internkontrollarbeidet i kommunen, samt for å sikre at kommunen føl regelverket for offentlege innkjøp. Kontrollutvalet har hausten 2020 følgt opp korleis administrasjonen har jobba med å følge opp tilrådingane. Ein vil følge dette vidare opp i 2021.
- Årsmelding for kontrollutvalet i Lærdal kommune 2019 (sak 5/20).
- Kontrollutvalet si fråsegn til årsrekneskapen for 2019 for Lærdal kommune (sak 10/20). Fråsegna vart sendt til kommunestyret, med kopi til formannskapet.
- Kontrollutvalet tinga ein prosjektplan for forvaltningsrevisjon av heimetenesta frå revisor. Kontrollutvalet gjorde nokre justeringar i høve til planen og vedtok i sak 15/20 at ein kunne starte gjennomføringa av prosjektet. Forvaltningsrevisjonen skal etter planen vere ferdig i løpet av januar 2021 og bli levert til kontrollutvalet sitt møte i februar 2021.
- Tertialrapportar
Kontrollutvalet har gått nøye gjennom framlagde tertialrapportar gjennom året.
- Overordna analyse (risiko- og vesentlegheitsvurdering) og ny plan for forvaltningsrevisjon
Kontrollutvalet har i 2020 utarbeidd ei overordna analyse som grunnlag for ny plan for forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet nytta sekretariatet til å utarbeida den overordna analysen, men utvalet var sjølv sterkt involvert, mellom anna i intervju med alle gruppeleiarane for dei politiske partia, intervju med tillitsvalte og tilsette i kommunen. Den overordna analysen vart ferdig i november og kontrollutvalet vedtok ny plan for forvaltningsrevisjon i sak 23/20. Planen vart sendt over til kommunestyret. Kommunestyret handsama planen på sitt møte 11. februar 2021.

Den prioriterte planen for forvaltningsrevisjon er som følger etter kommunestyret sitt vedtak:

1. Arbeidsmiljøet i kommunen
(alternativt undersøkning innan oppvekst, eller pleie og omsorg)
 2. Oppvekst – ressursbruk – bruk av spesialundervisning
 3. Budsjett- og økonomistyring
 4. Bu og miljøtenesta
 5. Pleie og omsorg – med fokus på årsaker til høge kostnader i tenesta, kva kan forklare at Lærdal nyttar mykje meir ressursar enn samanliknbare kommunar
 6. Internkontroll og avvikshandtering
 7. Forvaltningsrevisjon av barnevernstenesta
 8. Forvaltningsrevisjon av eigeomsforvaltninga
 9. Forvaltningsrevisjon av Sogn lokalmedisinske senter
- Oppfølging av status på fleire saksområder

Kontrollutvalet har gjennom året bede om og fått orienteringar på ei rekke saksområde. Dette gjeld mellom anna:

- Førebels gjennomgang av årsrekneskapen for 2020
 - Status på sjukefråværet i kommunen er følt opp gjennom året og har vore tema på tre av møta
 - Status på klagesak der kommunen var klaga inn for KOFA
 - Orientering om LNU og korleis ein arbeider med tildeling av midlar frå nærings og konsesjonsavgiftsfondet
 - Status for dei kommunale vassverka
 - Status på pågåande utbygging av VA-anlegg i kommunen
 - Status på gjennomføring av vedtaka i kommunestyret i 2019
 - Orientering om kommunen sitt arbeid og beredskap i høve til COVID19-situasjonen
 - Oppfølging av tilrådingane som kom i forvaltningsrevisjonsrapporten om økonomistyring i 2017
 - Status på gjennomføring av investeringsbudsjettet, samt endeleg sluttrekneskap for utbygginga av nye omsorgsbustader
 - Status knytt til kommunen sitt arbeid med innkjøp og innkjøpssamarbeidet i regi av Kinn kommune
 - Orientering om kommunen si oppfølging av pålegg frå Fylkesmannen knytt til kommunen sine rutinar kring medikamenthandtering
 - Orientering kring status på avstemming mellom kommunen sin rekneskap for omstillingsarbeidet opp mot LNU sine oversikt over inntekter og utbetalingar
- Budsjett for kontrollutvalet 2021 vart handsama i sak 18/20. Budsjettet vart sendt til administrasjonen for innarbeiding i kommunen sitt budsjett. I det endelege budsjettet som vart vedteke i kommunestyret i desember 2020 var det ingen vesentlege endringar i høve til kontrollutvalet sitt framlegg.

- **Selskapskontroll SIMAS.**

I samarbeid med dei andre eigarkommunane vart det vedteke å iverksetje ein selskapskontroll av SIMAS. Fokus for kontrollen var om SIMAS har rett fordeling av kostnader mellom hushaldningsavfall og næringsavfall. Vidare om hushald og fritidsbustader blir belasta rett gebyr (sjølvkost). Rapporten vart lagt fram og handsama i kontrollutvalet sitt møte i november (sak 22/20). Den overordna konklusjonen var at sjølvkost for hushaldningsavfall i det alt vesentlege er godt dokumentert og revisjonen finn ikkje at SIMAS tek inn for mykje gebyr i høve til sjølvkost.

Forvaltningsrevisjonen peika likevel på nokre forbettringspunkt. Rapporten vart sendt over til kommunestyret og vart handsama av kommunestyret den 11. februar 2021. Kommunestyret vedtok tilrådinga frå kontrollutvalet. I samsvar med vedtaket i kommunestyret vil kontrollutvalet hausten 2021 følge opp korleis SIMAS IKS har følgd opp tilrådingane i rapporten

For øvrige saker og nærare detaljar vert det vist til møtebøkene og sakspapira som ligg ute på kommunen sine nettsider.

Andre forhold

Leiar Njål Kaardal Golf, og medlemmane Britt Bruflot Gram, Jens Rikheim og Guri Olsen deltok på kontrollutvalskonferansen på Skei 5. februar 2020. Deltaking på slike konferansar er viktige for å fylgje med i utviklinga innanfor kontroll og tilsyn med kommunal sektor.

Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 5/2021 Forvaltningsrevisjonsrapport om heimetenestene

Sakshandsamar Richard Nesheim	Møtedato 22.2.2021	Saknr 5/2021
---	------------------------------	------------------------

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Forvaltningsrevisjonsrapporten er ikkje klar på tidspunkt for utsending av sakspapira. Rapporten og innstilling til vedtak vert sendt ut så snart desse ligg føre. Om rapporten ikkje vert klar så må saka utsettast til neste møte.

VEDLEGG:

Nr.	Dok. Dato	Avsendar	Tittel
1	Februar 2021	KPMG	Forvaltningsrevisjon heimetenesta (vedlegget vert ettersendt)

SAKSUTGREIING:

Bakgrunn:

Kontrollutvalet bad til sitt møte 15.6.20 KPMG om å lage ein prosjektplan for eit forvaltningsrevisjonsprosjekt som tok utgangspunkt i prosjekt nummer 3 og 4 i den då gjeldande plan for forvaltningsrevisjon. Dette gjaldt forvaltningsrevisjon av heimetenesta og forvaltningsrevisjon av tildeling av pleie- og omsorgstenester. Utkast til prosjektplan vart lagt fram for kontrollutvalet. Kontrollutvalet gjekk gjennom planen og ønskte nokre endringar. Det vart gjort slikt vedtak i sak 15/20:

«Kontrollutvalet vil, med bakgrunn i plan for forvaltningsrevisjon, setje i verk ein forvaltningsrevisjon av heimetenesta i i samsvar med framlagt prosjektplan frå KPMG, samt dei endringane av prosjektplanen som kontrollutvalet kom med innspel om i møtet.»

KPMG har jobba med forvaltningsrevisjonsrapporten hausten 2020. Etter planen skulle rapporten vore levert i slutten av januar 2021, men rapporten har blitt noko forseinka. I følgje KPMG skal rapporten bli levert til sekretariatet den 14. februar 2021 dersom dei får tilbake høyringssvar frå kommunen innan 12.februar. Sekretariatet vil oppdatere saka og sende denne ut så snart rapporten frå KPMG ligg føre.

Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 6/2021 Oppfølging i høve til plan for forvaltningsrevisjon

Sakshandsamar Richard Nesheim	Møtedato 22.2.2021	Saknr 6/2021
---	------------------------------	------------------------

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Saka vert lagt fram utan tilråding, til drøfting og avgjerd i kontrollutvalet. Kontrollutvalet må vurdere om ein vil setje i gang bestilling av forvaltningsrevisjonsprosjekt basert på prosjekt som er prioritert som nummer 1 i plan for forvaltningsrevisjon, eller om kontrollutvalet vil gjere endringar i prioriteringa i samsvar med fullmakt frå kommunestyret.

VEDLEGG:

Nr.	Dok. Dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	23.11.2020		Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Uprenta vedlegg (sendt ut på e-post): Risiko og vesentlegheitsvurdering

BAKGRUNN

Kontrollutvalet vedtok, med bakgrunn i utarbeidd risiko og vesentlegheitsvurdering, plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i sak 23/20. Planen vart sendt over til kommunestyret. Kommunestyret gjorde 11.2.21 slikt vedtak:

Kommunestyret i Lærdal vedtek framlagde plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for Lærdal kommune 2020-2023

Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, jf. kommunelova §§ 23-3 (3) og 23-4 (3).

I planen er det skissert kva revisjonsprosjekt ein ynskjer å gjennomføre i 2021 – 2023. Desse er i planen prioritert slik:

1. Arbeidsmiljøet i kommunen
(alternativt undersøking innan oppvekst, eller pleie og omsorg)
2. Oppvekst – ressursbruk – bruk av spesialundervisning
3. Budsjett- og økonomistyring
4. Bu og miljøtenesta
5. Pleie og omsorg – med fokus på årsaker til høge kostnader i tenesta, kva kan forklare at Lærdal nyttar mykje meir ressursar enn samanliknbare kommunar

6. Internkontroll og avvikshandtering
7. Forvaltningsrevisjon av barnevernstenesta
8. Forvaltningsrevisjon av eigedomsforvaltninga
9. Forvaltningsrevisjon av Sogn lokalmedisinske senter

SAKSUTGREIING

Kommunestyret har i budsjettet for 2021 avsett kr 200.000 til gjennomføring av forvaltningsrevisjon.

Spørsmålet kontrollutvalet må difor i møtet ta stilling til om dei vil sette i verk prosjekt basert på eksisterande prioritering eller om ein skal gjere endringar på rekkefølga. I vurderinga av dette må kontrollutvalet ta stilling til kva prosjekt ein meiner er mest relevant og gir mest nytte for kommunen å gjennomføre no.

Dersom kontrollutvalet vel å sette i verk forvaltningsrevisjon no vil sekretariatet be revisor om å presentere eit utkast til prosjektplan som kontrollutvalet kan ta stilling til i neste møte i kontrollutvalet.

Det vert vist til planen for forvaltningsrevisjon (vedlegg 1) og den overordna analysen (uprenta vedlegg) for nærare informasjon om dei enkelte forvaltningsrevisjonsprosjekta.

Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

LÆRDAL KOMMUNE 2020-2023

Endeleg versjon: 23. november 2020

FØREORD

Kontrollutvalet har i fellesskap med sekretariatet for kontrollutvalet utarbeidd utkast til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll i Lærdal kommune.

Ein har i denne valperioden valt å utarbeide eitt felles plandokument som omhandlar både forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Planen er basert på risiko- og vesentlegheitsvurderingar av kommunen si verksemd, verksemda i kommunen sine selskap, og av kommunen sin eigarskap, i tråd med kommunelova §§ 23-3 og 23-4. Planen er resultat av ein prosess der kontrollutvalet og sekretariatet mellom anna har gjennomgått relevant informasjon og gjennomført arbeidsmøtedag med intervju med politikarar, administrasjon, utvalde leiarar samt hovudtillitsvalte og hovudverneombod i kommunen. Kontrollutvalet har deretter analysert informasjonen som er kome fram i prosessen, gjennomført risiko- og vesentlegheitsvurdering og utarbeidd plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Det blir her lagt fram plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2019-2023. Risiko- og vesentlegheitsvurdering (overordna analyse) er utarbeidd i eit separat dokument. Planen for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll skal vedtakast av kommunestyret.

Føremålet med planen er å peike ut område innanfor verksemda til Lærdal kommune og kommunen sine eigarskap som skal prioriterast med tanke på forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i inneverande valperiode.

Det vert føreslått at kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, jf. kommunelova §§ 23-3 (3) og 23-4 (3).

Lærdal, 23.11.2020

Njål Kaardal Golf

Kontrollutvalsleiar

1. BAKGRUNN OG FØREMÅL FOR PLANEN

Etter kommunelova § 22-3 bokstav c) skal kontrollutvalet sjå til at det vert utført forvaltningsrevisjon av kommunen si verksemd og av selskap kommunen har eigarinteresser i, og etter bokstav d) skal kontrollutvalet sjå til at det førast kontroll med forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser i selskap mv. (eigarskapskontroll).

Forvaltningsrevisjon er i kommunelova § 23-3 (1) definert som:

“å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak”.

I kommunelova § 23-3 (2) og (3) er det vidare slått fast at:

“Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Planen skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv. Kommunestyret kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.”

Etter kommunelova § 23-4 (1) inneber eigarskapskontroll:

“å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.”

I likskap med det som gjeld for forvaltningsrevisjon, er kontrollutvalet i kommunelova § 23-4 (2) pålagt å utarbeide ein plan for kva for eigarskapskontrollar som skal gjennomførast. Planen skal baserast på ei risiko- og vesentlegheitsvurdering av kommunen sitt eigarskap, i den hensikt å finne ut kvar det er størst behov for eigarskapskontroll. Også planen for eigarskapskontroll skal vedtakast av kommunestyret, som kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planen, jf. § 23-4 (3).

Kontrollutvalet er også pålagt plikter når det gjeld rapportering og oppfølging av forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar. Etter forskrift om kontrollutval og revisjon §§ 4 og 5 skal kontrollutvalet:

“[...] rapportere til kommunestyret eller fylkestinget om gjennomførte forvaltningsrevisjoner eller eierskapskontroller og resultatet av dem.”

og

“[...] påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak om regnskapsrevisjoner, forvaltningsrevisjoner og eierskapskontroller blir fulgt opp og skal rapportere til kommunestyret eller fylkestinget om vedtaket er fulgt opp.”

Kontrollutvalet legg fram for kommunestyret plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll etter kommunelova §§ 23-3 og 23-4 med utgangspunkt i ei overordna risiko- og vesentlegheitsvurdering. Overordna risiko- og vesentlegheitsvurdering og utkast til plan er utarbeidd av sekretariatet og kontrollutvalet i fellesskap,

og handsama i kontrollutvalet. Det overordna føremålet med planen er å identifisere område innanfor kommunen si verksemd som skal prioriterast for gjennomføring av forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Planen vil gjelde ut inneverande valperiode og til ny plan vert vedteken.

OMGREPA VESENTLEGHEIT OG RISIKO

Slik det går fram av kommunelova §§ 23-3 og 23-4 skal plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll vere basert på ei risiko- og vesentlegheitsvurdering av kommunen si verksemd, verksemda i kommunen sine selskap, og kommunen sin eigarskap. Føremålet med ei slik risiko- og vesentlegheitsvurdering er å få fram relevant informasjon om verksemdsområda og eigarinteressene til kommunen, slik at kontrollutvalet har grunnlag for å prioritere arbeidet med forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Endeleg prioritering av områda for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll skjer etter ei vurdering av risiko i høve til sannsynlegheit for at manglar/avvik skal inntreffe, og konsekvens av manglar/avvik (vesentlegheit). Det er områda med høg risiko og høg vesentlegheit, som til slutt reknast som prioriterte område for revisjon og kontroll:

Risiko – handlar om faren for avvik frå til dømes regelverk, mål, vedtak og andre føringar som gjeld for den kommunale verksemda mv. Føremålet med risikovurdering er å identifisere område der det er fare for at den kommunale verksemda, verksemda i kommunale selskap eller kommunen sine eigarinteresser ikkje vert utøvd på den måten den skal bli utført. Måten verksemda skal utførast på, er mellom anna styrt av:

- lover og forskrifter
- føremål og målsetnader
- organisering
- reglement
- planverk og strategiar
- budsjett

Vesentlegheit – handlar om å identifisere dei viktige/sentrale områda for kommunen og der avvik eller manglar kan få store konsekvenser, slik at ein dermed kan prioritere område for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll). Identifiseringa har skjedd gjennom filtrering ved hjelp av ulike kriteria, mellom anna:

- KOSTRA
- benchmarking (samanliknande evaluering)
- brukarperspektivet
- økonomi
- aktualitet

I punkt 2 nedanfor er det gjort greie for dei prioriterte områda for forvaltningsrevisjon. Den separate risiko- og vesentlegheitsvurderinga (overordna analyse) gir ei nærare skildring både av prosessen for gjennomføring av risiko- og vesentlegheitsvurderingane, herunder teoretisk fundament, prioriterte omsyn, framgangsmåte og involvering av deltakarar, samt nærare omtale av dei identifiserte områda.

Aktuelle eigarskapskontrollar går fram av punkt 3 nedanfor. Her vert det og gitt ei oversikt over rammene for eigarskapskontrollen, status over Lærdal kommune sine eigarskap, samt ei vurdering av aktuelle eigarskapskontrollar. Det er ikkje gjort ei konkret prioritering av aktuelle eigarskapskontrollar, og kontrollutvalet ber om fullmakt til å fastsetje kva for selskap det skal gjennomførast eigarskapskontroll i, og kva for problemstillingar eigarskapskontrollen skal omhandle. Det vert vist til den separate risiko- og vesentlegheitsvurderinga for nærare omtale av dei vurderingar som er gjort i samband med aktuelle eigarskapskontrollar i perioden 2020-2023.

Avslutningsvis er det i punkt 4 gitt ei skildring av rutinar for gjennomføring, oppfølging og rapportering av det enkelte forvaltningsrevisjons- og eigarskapsprosjekt.

2. PRIORITERTE OMRÅDE FOR FORVALTNINGSREVISJON

Kontrollutvalet har prioritert dei identifiserte områda for forvaltningsrevisjon som ligg i risiko- og vesentlegheitsvurderinga. Prioriteringa er mellom anna gjort ut frå desse overordna omsyna:

- liv og helse
- sikring av verdier
- brukarrettar - oppfylling og kvalitet
- prioritert risiko frå gjennomgangen i kommunen

I tillegg har kontrollutvalet vektlagt følgjande kriterium/omsyn:

- forbetringspotensiale
- føremåls effektivitet
- kostnadseffektivitet
- produktivitet
- aktualitet
- tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonar

Kontrollutvalet tilrår prioritet for følgjande område for forvaltningsrevisjon i inneverande planperiode:

1. Arbeidsmiljøet i kommunen
(alternativt undersøking innan oppvekst, eller pleie og omsorg)
2. Oppvekst – ressursbruk – bruk av spesialundervisning
3. Budsjett- og økonomistyring
4. Bu og miljøtenesta
5. Pleie og omsorg – med fokus på årsaker til høge kostnader i tenesta, kva kan forklare at Lærdal nyttar mykje meir ressursar enn samanliknbare kommunar
6. Internkontroll og avvikshandtering
7. Forvaltningsrevisjon av barnevernstenesta
8. Forvaltningsrevisjon av eigdomsforvaltninga
9. Forvaltningsrevisjon av Sogn lokalmedisinske senter

For nærare skildring og vurdering av områda vert det synt til risiko- og vesentlegheitsvurderinga (overordna analyse). Her er det også gjort nærare greie for andre område kontrollutvalet har identifisert, og dei vurderingar som ligg til grunn for den endelege risiko- og vesentlegheitsvurderinga og prioriteringa.

Det vert tilrådd at kontrollutvalet og forvaltningsrevisor samarbeider om design, spissing og avgrensing av det enkelte prosjekt for forvaltningsrevisjon.

3. EIGARSKAPSKONTROLL

OM EIGARSKAPSKONTROLL

Eigarskapskontroll inneber som nemnd å kontrollere om den som utøver kommunen sine eigarinteresser, gjer dette i samsvar med mellom anna lover og forskrifter, kommunestyret sine vedtak, og anerkjende prinsipp for eigarstyring. Eigarskapskontrollen er altså ein kontroll med forvaltninga av kommunen sitt engasjement i selskap mv., mellom anna å kontrollere at kommunen sine eigarinteresser vert følgde opp i samsvar med kommunen sin føresetnad og strategi for eigarskapen.

Eigarskapskontrollen vil kunne bestå av ulike kontrollelement, t.d.:

- kontroll av om verksemda drivast innan rāmene av kommunen sine vedtak og føresetnader og i tråd med lover og reglar,
- vurdering av den einskilde verksemd sett frå eit eigarperspektiv, herunder eventuelle krav til eigenkapital og avkasting, overordna rekneskapsanalyse og gjennomgang av budsjett
- andre forhold som omhandlar eigar, som t.d. rapportering, opplæring, administrativ oppfølging mv.

KONTROLLUTVALET SIN RETT TIL INNSYN OG UNDERSØKINGAR I SELSKAP

Kommunelova § 23-6 inneheld reglar om kontrollutvalet sin rett til innsyn og undersøkingar i selskap. Lova slår her fast at kontrollutvalet:

"[...] kan kreve de opplysningene som er nødvendige for å gjennomføre sin kontroll, fra

- a) interkommunale selskaper etter IKS-loven*
- b) interkommunale politiske råd*
- c) kommunale oppgavefellelsskap*
- d) aksjeselskap der en kommune eller fylkeskommune alene eller sammen med andre kommuner, fylkeskommuner eller interkommunale selskaper direkte eller indirekte eier alle aksjene.*

Opplysninger etter første ledd kan kreves fra virksomhetens daglige leder, styret og den valgte revisoren for selskapet.

Kommunen og fylkestinget kan fastsette regler om kontrollutvalgets kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper som er nevnt i første ledd, og om hvilke dokumenter mv. som skal sendes til kontrollutvalget.

Kontrollutvalget skal varsles om møter i generalforsamling, representantskap og tilsvarende og har rett til å være til stede i disse møtene.

Kontrollutvalgets innsynsrett og rett til å foreta undersøkelser etter første og andre ledd gjelder på tilsvarende måte overfor andre virksomheter som utfører oppgaver på vegne av kommunen eller fylkeskommunen. Innsynet og undersøkelsene skal imidlertid bare omfatte det som er nødvendig for å undersøke om kontrakten blir oppfylt."

EIGARSKAPSMELDING/ OVERSIKT OVER LÆRDAL KOMMUNE SINE EIGARSKAP

Etter kommunelova § 26-1 skal kommunen minst ein gong i valperioden utarbeide ei eigarskapsmelding som skal vedtakast av kommunestyret. Denne skal innehalde

- a) kommunen sine prinsipp for eigarstyring
- b) ei oversikt over selskap, kommunale føretak og andre verksemdar som kommunen har eigarinteresser eller tilsvarande interesser i
- c) kommunen sitt føremål med sine eigarinteresser eller tilsvarande interesser i dei aktuelle verksemdene

Kontrollutvalet har som ledd i risiko- og vesentlegheitsvurderinga gjennomgått eigarmelding for Lærdal kommune 2018, samt skatteetaten sitt aksjonærregister per 31.12.19. Lærdal kommune hadde følgjande eigarskap i aksjeselskap pr. 31.12.2019:

Direkte eigarskap aksjeselskap	Eigarandel (prosent)	Omsetning 2019	Resultat 2019
Okken Kraft Holding AS (konsern)	100	104 809	15 559
Øyraplassen 14 AS	100	61	-197
Norsk Villakssenter Reiseliv AS	100	262	31
Lærdal Næringsutvikling AS	65,9	2 562	303
Sognlab AS (A-aksjar)	6,5	3 002	83
Sognlab AS (B-aksjar)	3	3 002	83
Visit Sognefjord AS	4,9	12 295	-80
Vitensenteret i Sogn og Fjordane	3,6	435	-559
Sogn og Fjordane Holding AS	2,15	0	47 245
Sognahallen AS	1,13	5 510	700
Kommunekraft AS	0,312	2 000	397

Vidare er kommunen i deltakar i følgjande føretak og samarbeid:

- SIMAS IKS (6,65%)
- Alarmsentralen i Sogn og Fjordane IKS
- Sogn regionråd

Det er i denne planperioden sett i verk ein felles selskapskontroll knytt til SIMAS IKS. Denne vert ferdigstillt hausten 2020. Ut over dette er det ikkje gjennomført eigarskapskontroll/ selskapskontroll.

AKTUELLE EIGARSKAPSKONTROLLAR 2020-2023

Val av selskap for eigarskapskontroll må gjerast ut frå kommunen sine eigarinteresser til ei kvar tid (og i tråd med ny eigarskapsmelding når denne blir utarbeidd og vedteken).

Når det gjeld risikovurderinga kan det for så vidt gjeld val av selskap for eigarskapskontroll vere særleg aktuelt å sjå hen til:

- Tidlegare og pågåande eigarskaps/selskapskontrollar og resultat av desse
- Kor vidt det tidlegare er avdekka risikoforhold i selskapet
- Generell omtale av selskapet / aktuelle saker knytt til selskapet
- Eigarskapen si økonomiske tyding for kommunen, herunder eventuelt tapspotensiale

I vesentlegheitsvurderinga kan det vere særleg aktuelt å sjå hen til:

- selskap som er heileigde av kommunen
- selskap der kommunen har ein stor eigardel
- kommunale selskap som har eit samfunnsmessig ansvar
- kommunale selskap som yt direkte tenester til innbyggjarane i kommunen
- kommunale selskap som leverer verksemdskritiske tenester til kommunen

Kontrollutvalet syner til risiko- og vesentlegheitsvurderinga (overordna analyse), der vurderingane knytt til aktuelle eigarskapskontrollar er nærare skildra. Slik det går fram av risiko- og vesentlegheitsvurderinga framstår særleg Okken Kraft Holding AS og Øyraplassen 14 AS som aktuelle for eigarskapskontroll denne planperioden.

Aktuelle problemstillingar i ein eigarskapskontroll kan mellom anna vere:

- Kor vidt kommunen har tydelege føringar for sitt eigarskap
- Om eigarinteressene til kommunen blir utøvd i samsvar med etablerte normer for god eigarstyring, eventuelle føringar i vedtekter mv., og i tråd med kommunen sine interesser
- Om roller og ansvar mellom kommunen og det kommunalt eigde/ interkommunale selskapet er tilstrekkeleg avklart

Kontrollutvalet ber om å få fullmakt til å fastsetje kva for selskap det skal gjennomførast eigarskapskontroll i, og dei nærare problemstillingane i eigarskapskontrollen.

4. GJENNOMFØRING, OPPFØLGING OG RAPPORTERING

Kontrollutvalet sitt ansvar for gjennomføring av forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll, samt plikter knytt til oppfølging og rapportering, er nærare omtalt i punkt 1 over.

Kontrollutvalet vil, med utgangspunkt i plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll vedteken av kommunestyret, tinge forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar.

Eventuelle endringar og omprioriteringar i planen ligg til kommunestyret, men myndet kan bli delegert til kontrollutvalet etter kommunelova §§ 23-3 (3) og 23-4 (3). Slik delegering vert foreslått, slik at kontrollutvalet undervegs i planperioden kan gjere endringar og omprioriteringar dersom ein skulle finne grunnlag for det.